



ULSTEIN KOMMUNE

# Årsrapport 2016



ULSTEIN ER I VEKST, MED NYE UTFORDRINGER OG POSITIVE ENDRINGAR FOR  
INNBYGGRAR OG REGIONALT NÆRINGSLEV. ULSTEINSAMFUNNET SI FORANKRING  
LIGG I VÅR KULTURELLE TRADISJON OG IDENTITET, TUFTA PÅ KJERNEVERDIANE  
MANGFALD, RAUSHEIT, OMSORG OG NYSKAPING.



ULSTEIN - *der baug bryt båre*

# Årsrapport 2016

## Ulstein kommune

Rapporten er ein del av kommunens styringsverktøy, og har som mål å gi eit godt grunnlag for arbeidet med neste handlingsprogram.

### BILDE FRAMSIDE

Kjøkkengjengen ved Alvehaugen bu- og rehabiliteringssenter fekk Ulstein kommune sin HMS-pris for 2016. Her representert ved kokk Siw-Monica Brandal, kokk Bjørn Rune Moltu, lærling Kavin Khonghammat og kjøkkensjef Henning Solem. HMS-prisen er på 10 000 kroner. Foto: Svein Arne Orvik

### BILDE BAKSIDE

Fra det storståtte fyrværkeriet på nyttårsaften ved Quality Hotell Ulstein. Foto: Per Eide.

### BILDE TIL HØGRE

Fra 4-nasjonersturneringa i handball, Ulsteinhallen - UlsteinCup 2016. Foto: Per Eide

### BILDE S.15 (FOLKEVALDE)

Samarbeid – ordførar Anders Riise og ordførar Knut Erik Engh har signert avtalen.  
Foto: Vikebladet Vestposten

### BILDE S.16 (SENTRALADMINISTRASJON)

Møte om LæringsArena Ulstein i oktober 2016. Frå venstre: Karen Topphol, Margaret Alme, Gry Rishaug Hansen, Synnøve Amdam, Audun Hopland, Knut Erik Engh, Kristin Glæstad Vonheim, Jon Arne Garshol Haram, Leif Rune Solås, Øyvind Iveten, Gry Nordal, Verner Larsen

### BILDE S.24 (ORGANISASJON OG ØKONOMI)

Rådmann Verner Larsen på personalfesten saman med 12 av dei som gjekk av med pensjon i 2016. Framme frå venstre: Inger Lise Fredriksen, Kjellrun Veiseth, Randi Seljeset Moldskred, Marit Aarsheim Steinnes. Bak frå venstre: Jarle Myklebust, Jostein Vartdal, Åse Vartdal, Karen-Turid Almås Bjåstad, Bjørn Dahl, Harald Notøy, Tove Brandal Ulstein, Margrete Skodjevåg

### BILDE S.56 (HELESTASJONSTENESTA)

Helsestørene - frå venstre: Kristin Meli, Ann Iren Brautaset, Elin Benedikte Svendsen, Jorunn Ingrid Augestad Osnæs, Wenche Gjerde Sætre, Astrid Tønnesen, Hanna Elisabeth Langnes Moldskred, Berit Kjerstad Andresen og Kari Janne Ljones Kulø

### BILDE S.58

Kontaktlærar Maria Myrene. Illustrasjon frå brosjyren «Vurdering for lærings - satsing i Ulsteinskulen 2016 -2018».

### BILDE S.70 (ANLEGG OG DRIFT)

Odd Kåre Wiik har fått stilt ut den 6500 år gamle kjemperota like ved turstiane på fjellet. Foto Svein Nordal/Regionavisa.

### BILDE S.73

Halloween på Bell saman med ordførar Knut Erik Engh. Bak frå venstre: Hedda Victoria Stromberg, Synnøve Rabben, Kamilla Skaar Berg og Isabel Sjåstad. Framme: Anna Natalie Ballo Hov og Eirik Ambjørnsen.

### ØVRIGE FOTO

Per Eide, Odd Kåre Wiik, Ulstein kommune, Tony Hall, Harald Notøy, Knut Petter Dimmen.



Ulstein - ein god stad for  
menneske i alle livsfasar



## ULSTEIN KOMMUNE

### VÅRT VERDIGRUNNLAG

- Nyskaping
- Omsorg
- Rausheit
- Mangfald



### STYRINGSMÅL

- Nøgde brukarar
- Motiverte og kvalifiserte medarbeidrarar
- Godt omdøme
- God ressursstyring



### VÅRE LEIARAR

- Er utviklingsorienterte
- Kommuniserer godt
- Har endringsvilje
- Er lojale
- Har evne og vilje til leiing



### VÅRE TILSETTE

- Arbeider etter verdigrunnlaget
- Set brukaren i fokus
- Representerer jobben og kommunen og gjer jobben sin på ein profesjonell måte
- Følgjer lojalt opp vedtak og styringssignal

### 2016 – DET EINASTE STABILE ER ENDRINGAR

#### HELSING FRÅ ORDFØRAREN

#### ETATSVISE OVERSIKTER

- [Folkevalde](#)
- [Sentraladministrasjon](#)
- [Helse- og omsorgsetaten](#)
- [Oppvekst- og kulturetaten](#)
- [Teknisk etat](#)

#### ORGANISASJON OG ØKONOMI

- [Organisasjon](#)
- [Driftsresultat](#)
- [Investeringsrekneskapen](#)
- [Balansen](#)
- [Fond](#)
- [Drift, Ulstein kommune og Ulstein Eigedomsselskap KF](#)
- [Nøkkeltall konsern](#)
- [Investering, Ulstein kommune og Ulstein Eigedomsselskap KF](#)
- [Balanserekneskap, Ulstein kommune og Ulstein Eigedomsselskap KF](#)
- [Finansforvalting](#)
- [Lån](#)

#### AVDELINGSVISE OVERSIKTER

- [Økonomiavdeling](#)
- [Personalavdeling](#)
- [Kommunikasjonsavdeling](#)
- [IT-avdeling](#)
- [Helse og omsorg – sone 1](#)
- [Helse og omsorg – sone 2](#)
- [Helse og omsorg – sone 3](#)
- [Helse og omsorg – sone 4](#)
- [NAV](#)
- [Legeteneste](#)
- [Helsestasjonsteneste](#)
- [Sundgotmarka barnehage](#)
- [Haddal skule](#)
- [Hasund skule](#)
- [Ulstein skule](#)
- [Ulsteinvik Barneskule](#)
- [Ulstein ungdomsskule](#)
- [PPT](#)
- [Ulstein kompetansesenter](#)
- [Flyktning og innvandrar](#)
- [Kulturavdeling](#)
- [Ulstein brannvesen](#)
- [Plan- og bygningsavdelinga](#)
- [Anlegg og drift](#)
- [Interkommunalt barnevern](#)

<a href="#">Side 6</a>
<a href="#">Side 8</a>
<a href="#">Side 12</a>
<a href="#">Side 14</a>
<a href="#">Side 16</a>
<a href="#">Side 18</a>
<a href="#">Side 20</a>
<a href="#">Side 22</a>
<a href="#">Side 24</a>
<a href="#">Side 26</a>
<a href="#">Side 30</a>
<a href="#">Side 33</a>
<a href="#">Side 34</a>
<a href="#">Side 35</a>
<a href="#">Side 36</a>
<a href="#">Side 37</a>
<a href="#">Side 38</a>
<a href="#">Side 39</a>
<a href="#">Side 40</a>
<a href="#">Side 42</a>
<a href="#">Side 44</a>
<a href="#">Side 46</a>
<a href="#">Side 47</a>
<a href="#">Side 48</a>
<a href="#">Side 49</a>
<a href="#">Side 50</a>
<a href="#">Side 51</a>
<a href="#">Side 52</a>
<a href="#">Side 53</a>
<a href="#">Side 54</a>
<a href="#">Side 55</a>
<a href="#">Side 56</a>
<a href="#">Side 57</a>
<a href="#">Side 58</a>
<a href="#">Side 59</a>
<a href="#">Side 60</a>
<a href="#">Side 61</a>
<a href="#">Side 62</a>
<a href="#">Side 63</a>
<a href="#">Side 64</a>
<a href="#">Side 65</a>
<a href="#">Side 66</a>
<a href="#">Side 68</a>
<a href="#">Side 69</a>
<a href="#">Side 70</a>
<a href="#">Side 72</a>



# 2016 – Det einaste stabile er endringar

Ulstein kommune er i mange samanhengar langt framme når det gjeld utviklingsarbeid. Satsinga på teknologiskulen er svært omfattande både med omsyn til maskinar og utstyr og inn mot oppbygging av ny kompetanse.

Kommunen samarbeider med nasjonale kompetansesemiljø som IKT-Norge, Lær kidsa koding og Senter fot IKT i Utdanningen som er regjeringa sitt verktøy for iverksetting av politikken innanfor IKT i utdanninga. Vi har godt samarbeid med lokalt næringsliv og får viktige impulsar og utfordringar frå kvarldagen dei møter og behova dei ser framover. Vi har også godt samarbeid med Møre og Romsdal fylke og Ulstein vidaregåande skule der vi ser på korleis kunnskapen og kompetansen som Ulsteinelevane har med seg kan vidareutviklast når dei går over til vidaregåande skule.



Teknologi endrar rammene for lærings – slik vart det formulert av ein forelesar på ei samling for lærarane på Ulstein ungdomsskule. Det er altså ikkje snakk om gamle arbeidsformer med nytt moderne utstyr. Det er nye arbeidsmåtar, nye undervisningsmåtar, nye moglegheiter og nye utfordringar. Det er rett som det vert

sagt – teknologi endrar rammene og måten vi arbeider på. Dei første forsøka med byggesakshandsaming med bruk av robot er i gong, og på sikt vil den endre rammene for saksbehandling og kommunal administrasjon også. Når den førarlause bussen har vore gjennom testperioden og er klar til bruk vil vi sjå at den endrar rammene for transport.

Det er naturleg at teknologisatsinga i skule har fått mykje fokus; den er omfattande og den er svært synleg. Også den andre store sektoren vår er langt framme i teknologiarbeidet. Dei var tidleg ute med mobil pleie, og dei sju kommunane på søre Sunnmøre er komne langt når det gjeld elektronisk kommunikasjon mellom alle aktørane i helsesektoren. Også når det gjeld elektroniske kart og bruk av kartinformasjon er regionen vår forbilde for mange. Vi har godt utbygde elektroniske styringssystem innanfor VAR-området og innanfor forvaltning og drift og vedlikehald av bygg. Vi har difor dei beste føresetnadene for å vere med i den vidare utviklinga, og vi må ha ambisjonar om å ligge langt framme – også i tet på nokre område.

I årsmeldinga for 2015 skrev rådmannen at «krevande tider har prega næringslivet i 2015, og kommunen har merka omstillinga». Denne utviklinga heldt fram og traff kommuneøkonomien hardare i 2016 enn i 2015. I 2016 hadde Ulstein kommune den femte minste veksten i skatteinntekt i landet. Vi må difor vere svært fornøgde



med at vi kom i mål med eit overskot. Ordførar og rådmann har gjennom året hatt møte med ulike verksemder i kommunen for å orientere om kommunen sin aktivitet og høre korleis dei opplever situasjonen og rammene dei har for sitt arbeid.

4-nasjonarturneringa i handball sommaren 2016 vart ein folkefest. Kva den skapte av entusiasme, goodwill og resultat for Hødd handball og for Ulstein samfunnet er vanskeleg å førestille seg. At Dimna IL skal arrangere stemne og får så mange frivillige at dei må seie nei er oppløftande. Mange av oss vart overraska då vi såg korleis initiativet om felles fyrverkeri utvikla seg frå ein ide til eit spleislag og vidare til ei oppleveling og ein sosial møteplass i løpet av nokre veker. Her er sterke positive utviklingskrefter i lokalsamfunnet. Det skal bli spennande å sjå korleis det utviklar seg når vi opnar dørene på Arena Ulstein.



Ulsteinvik 2046 er strategi og tiltak for sentrumsutvikling dei neste 30 åra. Strategien er ein del av arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen og arealdelen av kommuneplanen. Samfunnsdelen av kommuneplanen vart ferdig i slutten av 2016 og vedteken i første kommunestyremøte i 2017. Arbeidet med arealdelen har gått parallelt og vil halde fram i 2017. Det er viktig at innbyggjarar og næringsliv engasjerer seg i desse prosessane – det som er plan i dag er morgondagen sitt lokalsamfunn.

**VERNER LARSEN**  
Rådmann





# Helsing frå ordføraren

Eg må medgi at eg var spent på kva 2016 ville bringe for vår kommune. Sjølv om den største auken i arbeidsløysa kom i 2015, vart 2016 året der offshorekrisa beit seg skikkeleg fast og sette sitt preg på Ulstein-samfunnet.

Eg har i løpet av 2016, og no på nyåret, besøkt ei rekke bedrifter som står midt i store omstillingar. Dette gjeld alt frå dei store hjørnestensbedriftene til små butikkar. Alle har fått merke krisa på kvar sin måte. Det som likevel imponerer meg når eg møter dei, er kor mykje framtidstru dei har. Gjennomgangstonen har vore «Ja, det er kjempetøft no, men vi har gjort nødvendige grep for å kutte kostnader, og jobbar med nye produkt og nye marknader». Det verkar med andre ord som at næringslivet var godt budd på kva som ville møte dei, og har handla deretter.

Også kommunen var godt budd på det som skulle kome. Dei folkevalde viste nøkternheit med omsyn til både inntektssida og utgiftssida, noko som viste seg å vere lurt. Rådmannen og leiarane på alle plan har vore lojale og kreative for å få mest mogleg ut av kvar krone, og våre tilsette har som vanleg levert gode tenester.

Eg trur ikkje innbyggjarane i Ulstein oppfattar at tenestene har blitt därlegare, men kanskje at nokre av dei har blitt løyst på ein litt annan måte enn tidlegare.

Vi står midt i det digitale skiftet, og utviklinga av ny teknologi har gitt oss både utfordringar og moglegeheiter. Vi veit ikkje heilt korleis dette vil påverke tenesteproduksjonen vår framover, anna enn at vi veit at det vil påverke oss. Det er spennande å operere i dette landskapet, og vi prøver å ta i bruk og nyttiggjere oss dei gode løysingane som finst. På nokre område, som for eksempel satsinga på «Teknologiskulen», prøver vi å ligge i forkant fordi vi er overtydde om at dette vil vere avgjerande for vår framtidige konkurransekraft. Det er difor svært gledeleg at fylkeskommunen og Ulstein vidaregåande skule heng seg på og tek satsinga eit steg vidare.



“På nokre område, som for eksempel satsinga på «Teknologiskulen», prøver vi å ligge i forkant fordi vi er overtydde om at dette vil vere avgjerande for vår framtidige konkurransekraft.”



Omstilling handlar sjølv sagt ikkje berre om teknologi, det handlar også om korleis måten vi jobbar på kan gjøre drifta meir effektiv og betre. Innføring av kvardagsrehabilitering der ein fokuserer på å trenne opp menneske til sjølv å klare seg best mogleg i kvardagen, framfor å yte meir og meir hjelp som passiviserer, er eit godt eksempel på det. Likeins satsing på betre folkehelse for å førebygge livsstilsjukdommar gjennom trening, trivsel og friluftsliv. Tilrettelegging av det fysiske miljøet, med fleire bustader i sentrum og samling av funksjonar, er ein del av same bildet.

Mykje av fokuset i 2016 var knytt til kommunereforma. Eg beklagar at vi ikkje kom i mål med dette arbeidet, men er på same tid glad for at vi har lært naboane våre betre å kjenne, og at arbeidet har styrka kunnskapen og bevissttheita om kva rolle Ulstein kommune spelar i regionen. Det er ingen tvil om at Ulsteinvik er ein viktig


motor for utviklinga på Sunnmøre – det må vi tote å seie, men vi må også vere ærlege på at vi slett ikkje er den einaste motoren. Vi er gjensidig avhengige av kvarandre, og vi deler på både arbeidskraft, servicetilbod og opplevingar. Eg er overtydd om at vi innan ti år har betydeleg færre kommunar i vår region, rett og slett fordi vi leverer fleire og fleire av tenestene saman.

Sjølv om folkeveksten stoppa opp i 2016, hadde vi likevel ein vekst på 27 personar. Det er lite samanlikna med åra før, men sett i forhold til dei tidene vi er inne i no, må vi likevel seie oss nøgde. Eg registrerer at byggeaktiviteten framleis er høg, og saman med meir positive signal frå næringslivet har eg forventning om at 2017 kan bli året der nedturen snudde til opptur att.

Ulsteinvik 6. april 2017

# Kva seier brukarane om Ulstein kommune?

Brukundersøkingane dette året omfatta vatn(avløp), byggesaker, helsestasjon, pleie og omsorg, kulturskulen og SFO. Vi fekk inn om lag 170 kommentarar. Her er eit lite utval.



Saksbehandler brukte lang tid på saksbehandling, varriende svartid ved spørsmål. Var ikke/dårlig forberedt og hadde veldig negativ instilling til utfordringer/endringer når vi hadde møte

Svært kjapp saksbehandling.

Byggesaksbehandling

Samanligna med nabokommuner er ulstein kommune en av dei beste kommunene i dette fagfelt.

Synest Ulstein kommune utfører jobben sin på ein ryddig og fin måte.

God informasjon motatt på møte før byggesoknad ble sendt. Blei profesjonelt behandla og fekk svar på alt som var ukjart. Folk som jobber i teknisk etat / byggesak har god kontroll og lette og fornøide seg til. Tusen takk.

vanskeleg med bilparkering

bilparkering, barnevognparkering

veldig vanskelig å parkere

Det er alltid triveleg, godt og trygt å kome til helsestasjonen. Dette gjeld både jordmor, vektkontroll og til avtalte timer med helsesøster. De gjer ein god jobb.

Helsestasjon

blide, rolige og kjekke damer, so er venlige sånn at vi foreldre slappar av, slik timen ikkje blir stressandess.

dårlig med bilparkering

Trives godt og føler meg trygg. Greier meg sjølv, men det er trygt at dei ser innom.

Kvaliteten på middagen burde vore betre. Ynskjer at dei tilsette tek seg meir tid til å prate, spørje korleis eg har det.

Heimetnesta (brukarar)

Middagsmaten er for dårleg. Poteter og gulrøter må kokast skikkeleg. Må kunne lage ei god gammaldags suppe. Fisken er for dårleg.

Har opplevd at ei nattevakt seier til meg: "Eg kjem ikkje viss du ringer meg opp att." Litt språkproblem med utenlandske pleiarar.

Eg har det berre godt her

Institusjon (bebuarar)

Pleie og omsorg

Bustadområdet er det beste alternativet for denne bebuauren. Bebuaren set pris på felles samlingar og sosialt samver med andre. Hyggeleg personale, men litt dårlig grunnbemanning. Dei tilsette gjer så godt dei kan. Bebuaren har ingen erfaring med å bruke alarmknappen, og er avhengig av at personale ser/veit kva vedk. treng hjel til. Det burde vere høge til å få hjelpe med dusj/heil kroppsvask ofte enn kvar 14. dag - ta meir hensyn til individuelle behov. Hjelpe med skifte/reinhald av privatay. Uklart kor ofte det vert gjort reint i leilegheit?

Institusjon (pårørende)

Pleien vi mottar fra pleiepersonalet er veldig god. Vi opplever at de tar godt vare på pasienten. Det administrative på enkelte område må vi stille oss kritiske til.

Litt hektiske dagar, kan tenke meg middagen ein halv time seinare

Ønskar meir kjøt til middag. Törrill er unik, «godjenta»

Dagsenter (brukarar)

Er glad for at eg har dette tilbodet.

Det er eit meget negativt signal at det i vår kommune frå 2017 berre blir 20 minutter time til individuell undervisning på eit instrument. Dette minskar sjansene for at elevane får kvalitatativt god undervisning, og medfører stress for både elev og lærar der eleven er litt vidarekomen eller vidarekomen på sitt instrument!!

Det kunne være lengre undervisnings timer (fallfall 45 min)


Kulturskule (foreldre/føresette)

Flott at Kulturskulen i Ulstein vel å gi undervisning i kunstfag, for det er ikkje alle barn som lika å spele instrument, dans, anna idrett etc.

Det er lite god føreseieleg kommunikasjon kring oppptredenar. Vi får lite eller ingen informasjon som foreldre, berre ufullstendige beskjedar via eleven. Dette gjer det vanskelig å følgje opp på ein god måte. Også virkar det lite førebudd, slik at dei må ha mange øvingar rett før, og avlyse andre aktivitetar. dette er ikkje god planlegging for ein familie, og dumt i høve eleven som vert veldig stressa. At ein i same kulturskule har generalprøver som kollidere (td musikkelever og balettelever) er heilt uforståeleg frå ein foreldresynstad. ein liten kulturskule må klare å koordinere dette.

# Etatsvise oversikter

Folkevalde Sentraladministrasjon Helse og omsorg Oppvekst og kultur Teknisk



# Folkevalde

ORDFØRAR KNUT ERIK ENGH



VARAORDFØRAR STEINAR TORVIK



Den politiske strukturen i Ulstein er basert på hovudutvalsmodellen. Kommunen har dei lovfesta organa kommunestyre (25 representantar), formannskap (7), kontrollutval (5) og fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne (8). I tillegg har kommunen to hovudutval: levekårsutvalet (9) og teknisk utval (7), pluss ungdomsråd (9) og ei rekke nemnder.

Ulstein kommune har gode arenaer for samspele mellom folkevalde og administrasjonen. I politisk-administrativt leiarforum møtest formannskapet og rådmannens leiargruppe for å drøfte utviklinga av lokalsamfunnet. Leiarane i hovudutvala og kommunalsjefane har eigne møte for å gå gjennom sakene som skal til politisk behandling.

Formannskapet og hovudutvala har avgjerdsmynde innanfor budsjettammer og i medhald av delegeringsreglementet og har tilrådingsrett direkte til kommunestyret. Politisk sekretariat er støttefunksjon for dei folkevalde i samspele med sentraladministrasjonen. Kontrollutvalet er organisert med eige sekretariat saman med åtte andre kommunar. Den politiske strukturen og dei folkevalde sine arbeidsvilkår går fram av Politiske reglement for Ulstein kommune.

## Aktivitet og resultat 2016

### FORHANDLINGAR OM KOMMUNEREFORM

Kommunereforma var den dominerande politiske saka i 2016. Forhandlingar med nabokommunane og involvering av innbyggjarane i Ulstein stod i sentrum. I første omgang forhandla Ulstein med Hareid, Herøy, Sande og Vanylven om å danne ein ny kommune. Dette munna ut i intensjonsavtalen om Runde kommune som vart underskriven i mars. Seinare forhandla Ulstein med Hareid åleine. Desse forhandlingane førde fram til intensjonsavtalen om Hareidlandet kommune som vart klar i juli. Kommunestyret i Ulstein gjorde i september eit endeleg vedtak om at Ulstein ønsker å slå seg saman med Hareid. Kommunestyret i Hareid vedtok derimot å halde fram som eigen kommune.

### INVOLVERING AV INNBYGGARANE

Det var fire krinsvise og godt besøkte folkemøte i 2016. Møta gjekk føre seg på Haddal, Hasund og Ulstein barneskular og på Ulsteinvik ungdomsskule. Trafikktrygging, miljøtiltak i krinsane, kommuneplan og kommunereform stod på dagsordenen. I april baud kommunen inn til eit eige folkemøte for heile kommunen på Sjøborg kulturhus, med stort oppmøte, ordskifte og informasjon om kommunereforma. I mai var det ungdomskonferanse om reforma i Hareidhallen i samarbeid med Hareid kommune. Ulstein



Svein Arne Orvik, Asbjørg Garshol og Marie Flatin - Ulstein kommune:

«Når kommunen er innovativ, vert vi den gode tilretteleggingen og støttespelaren vi skal vere for samfunnsutvikling. Vi er ein del av eit heile, og er avhengig av samskapning med private og frivillige aktørar. Studiet har gitt oss glød og motivasjon og ikkje minst tru på at vår kreativitet og nyttenking er viktig for dei vi skal yte tenester for»

Korleis kan ungdom engasjerast i utviklinga av lokalsamfunnet? Dette var tittelen på oppgåva til innovasjonsstudentane frå Ulstein kommune.

ÅRSVERK	TILSETTE			
	NETTO RESULTAT	2014	2015	2016
Rekneskap	3,7	4,5	4,1	
Budsjett	4	3,9	3,6	
Avvik	0,4	-0,7	-0,5	
SJUKEFRÅVÆR I %	2014	2015	2016	
Sjukefråvær				

kommune nyttar sosiale medium, eigen nettstad og lokalvisa for å kommunisere med innbyggjarane om reforma. Husstandane fekk i løpet av året også tilsendt to publikasjonar med informasjon om kommunereforma. I april fekk kommunen gjennomført ei opinionsundersøking om kommunereform blant ei representativt utval av innbyggjarane i Ulstein. I mai vart det halde folkerøysting på grunnlag av intensjonsavtalen om Runde kommune.

### INNOVASJON OG KUNNSKAP

Formannskapet er innovasjons- og utviklingsutval i Ulstein kommune. Formannskapet har på ulike vis arbeidd med innovasjon og tileigna seg ny kunnskap i 2016, mellom anna ved ei studiereise til Kävlinge – årets kvalitetskommune i Sverige. Politisk sekretariat har elles vore representert i Nasjonal innovasjonsskule i regi av Høgskulen i Lillehammer og Sunnmøre regionråd.

### REKNESKAPEN

Underskotet på 0,5 mill. kroner skuldast for lavt budsjettet måtegodtgjersle og ei generell innsparing som ikkje er realisert.



## Teneste og utviklingsmål

- ▶ Styrke innbyggardialogen gjennom betre tilrettelegging for kontakt og deltaking, blant anna med ny teknologi.
- ▶ Styrke den demokratiske styringa av kommunen gjennom å revisere delegeringa av avgjerdsmynne (delegeringsreglementet).
- ▶ Gode rutinar for styring og kontroll av selskap der folkevalde er representert i styre, representantskap, årsmøte og generalforsamlinger.
- ▶ Forenkle og betre tilrettelegginga av saksdokument for folkevalde og innbyggjarar.
- ▶ Dei folkevalde skal vere pådrivarar for innovasjons- og utviklingsarbeid i kommunen. Formannskapet er innovasjons- og utviklingsutval.

SATSINGSMÅLE	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2015	RESULTAT 2016	MÅL 2016
ØKONOMI	Avvik mot budsjett	-0,7 mill. kr	-0,5 mill. kr	0
BRUKAR	Prosentdel politiske saker med kortversjon av saksframlegg på nett	0 %	0 %	50 %
	Prosentdel kommunestyremøte som vert gjort tilgjengeleg på nett med lydbilete	8 av 9	8 av 9	100 %
	Tal på folkemøte pr. år	1	5	4
	Styrka politisk samarbeid og styring	1	1	2
	Tal på møte i ad hoc-gruppe for revisert delegasjonsreglement	0	4	2
	Samarbeid med næringslivet – ein forpliktande arena	-	22	-
	Tal på «kreative forum» som er blitt utvikla saman med representantar frå nærings- og organisasjonsliv	-	2	2
ORG.	Tal på politisk-administrative leiarforum	2	1	2
	Prosentdel førebuingsmøte mellom kommunalsjef og utvalsliar av utvalsmøte totalt	-	85 %	100 %
	Tal på gjennomførte lunsjmøte med einingar/etatar (med ordførar, rådmann og utvalsliarar)	-	20	15
	Vi ynskjer god eigarskapskontroll	-	6	-
	Eigarskapsmelding lagt fram for kommunestyret	-	-	-
	Fokus på innovasjon i kommunen	1	4	4

# Sentraladministrasjon

RÅDMANN VERNER LARSEN



ASS. RÅDMANN ARNE RUNAR VIK



Sentraladministrasjonen består av rådmannen sine stabsfunksjonar: Økonomi, Personal, IT og Kommunikasjon. Einingane er støttefunksjonar for kommunalsjefar og leiarane i kommunen, og har kontrollerfunksjon i høve rutinar og regelverk sentralt og lokalt. Overordna ansvar for strategiutvikling, kommunalt planarbeid og tettstadsutvikling er også lagt til eininga.

## Aktivitet og resultat 2016

Samfunnsdelen av kommuneplanen vart utarbeidd etter ein omfattande planprosess (vedtak tidleg 2017). Personellmessig har det vore ein del endringar både ved at rådmannen har hatt permisjon frå 1. september med tilhøyrande konstituering av rådmann og i leiargruppa.

To medarbeidarar gjekk av med pensjon på økonomiavdelinga og det vart tilsett ny økonomileiar i første halvår. Jurist vart tilsett frå oktober 2016 både for å rettleie, førebygge og hjelpe til med å handtere komplekse saker, jf. at kommunen har to saker gående (oppvekst og omsorg) i rettsapparatet. Arkivleiar var tilsett frå september 2016 for å betre kvaliteten på alt som har med journalføring, arkiv og system tilknytt dette temaet.

Tufeparken vart etablert og opna.

Medarbeidarundersøking gjennomført etter 10-faktormodellen seit på hausten 2016. Tal frå medarbeidarundersøkinga i eksisterande tabellar passar ikkje i hop med 10-faktormodellen, så dermed er framstillinga litt haltande.

Innovasjonsskulen gjennomført hjå tre medarbeidarar med tema innbyggardialog. Rådmannen har i lag med ordføraren gjennomført om lag 30 møte med ulike verksamder i kommunen.

Arena Ulstein var under bygging og har kravd omfattande ressursar frå mange av avdelingane.

Siste året med full eiga IT-avdeling, jf. samordning i SSIKT frå årsskiftet 2016/17. IT-leiar er deltakar i

strategigruppa for IT-satsing (inntil 60 %). Sikker print innført i heile organisasjonen. Ulstein kommune sitt emnearchiv har i fleire år vore elektronisk, og i 2016 vart det lagt ned eit omfattande arbeid med overgang til elektronisk arkiv også for dokument knytt til elev-, barnehage- og personalmapper.

### ØKONOMISK AVVIK

Hovudårsaka til det positive økonomiske avviket er at pensjonsoppgeret vart gunstigare for kommunen enn budsjettet.

ÅRSVERK	TILSETTE		
24,45	27		
NETTO RESULTAT	2014	2015	2016
Rekneskap	31,5	31,6	30,1
Budsjett	35,2	38	42,1
<b>Avvik</b>	<b>3,6</b>	<b>6,4</b>	<b>12,0</b>
SJUKEFRÅVÆR I %	2014	2015	2016
Sjukefråvær	3,29	4,51	4,62



## Teneste og utviklingsmål

- Strategisk fokus på kvalitetsutvikling og tenesteinnovasjon.
- Utvikle og drifte felles system for internkontroll, risikohandtering og avviksrapportering.
- Kompetanseheving om regelverk, rutinar og programvare innan våre fagområde.
- Vere gode på målstyring og omdømmebygging.

SATSINGSMÅL	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2015	RESULTAT 2016	MÅL 2016
ØKONOMI	Avvik mot budsjett	6,4 mill. kr	12,0 mill. kr	0
BRUKAR	Total score frå kommunekompasset	433 av 800	Målast 2017	450
	Kommunekompasset: score på resultatfokus og effektivitet	50 av 100	Målast 2017	55
	Kommunekompasset: score på tilgjengelegheit, innbyggjar- og brukarorientering	42 av 100	Målast 2017	45
	Omfang elektronisk tilgjengelege skjema	-	Målast 2017	-
ORG.	Svarprosent medarbeidarundersøking Ulstein kommune	56 %	54 %	60 %
	Score frå medarbeidarundersøkinga: total medarbeidartilfredshet	-	Ny undersøking, ikkje samanliknbart	-
	Score frå medarbeidarundersøkinga: stoltheit over eigen arbeidsplass	-	Ny undersøking, ikkje samanliknbart	-
	Sjukefråvær	4,5 %	4,62 %	4 %
Vi har fokus på internkontroll	Tal på gjennomførte brukarundersøkingar pr. år	5	12 (3 overf. 2017)	15
	Tal på nye overordna innovasjonsprosjekt	4	4	-
	Tal på gjennomførte etatsvise ROS-analyser	2	-	-
	Tal på restansar i ePhorte eldre enn fire månader	-	2	0

# Helse- og omsorgsetaten

KOMMUNALSJEF MARIT BOTNEN



Helse og omsorg omfattar legetenesta, helsestasjon, Nav Ulstein, heimetenester, institusjon og dagcenter. Ansvoaret og oppgåvene til kommunane har vorte endra som resultat av Samhandlingsreforma, og vi har no overordna ansvar for førebygging og behandling av alle helseproblem hos innbyggjarane. Dette betyr også at helse- og omsorgsetaten er ein sentral aktør i overordna planarbeid.

## Aktivitet og resultat 2016

Helse og omsorg har dette året hatt eit spesielt fokus på unge brukarar med rusproblem og psykiske helseproblem. Andre satsingsområder er styrking av demensomsorga og kvardagsrehabilitering. I tillegg har vi gjennom tiltak i regi av helsestasjonen og psykiatritenestene ei auka satsing på førebyggande arbeid, særleg med tanke på tidleg bistand til born og unge.

På alle avdelingane vert det lagt vekt på å styrke arbeidsmiljøet og gjennom dette bidra til redusert sjukefråvær. Dette året har vi hatt fokus på reduksjon



av hendingar der personalet vert utsett for vald og truslar. Vi forventar at tiltak som er sett i verk gjer at talet på avvik grunna vald og truslar vil gå ned komande år. Sjukefråværet samla for heile etaten er redusert samanlikna med åra før.

Vi er opptekne av å tenkje nytt, og mellom anna

velferdsteknologi skal vere tilgjengelege verktøy for både brukarar og tilsette. Helse- og omsorgsetaten deltek i eit kommunenettverk på i alt 17 kommunar der målet er å fremme velferdsteknologiske løysingar, og er også arena for to forskningsprosjekt i regi av Møreforsking.

Kommunane har fått ansvar for å redusere del av unødvendige innleddingar i sjukhus og for raskt mottak av ferdigbehandla pasientar. I Ulstein har vi styrka både kompetanse og kapasitet og gir nødvendig behandling/etterbehandling etter sjukehusinnledding. Gjennom tiltaket øyeblikkeleg hjelpe/døgnophold tek vi også mot pasientar som treng medisinsk bistand, men som ikkje treng innledding i sjukhus. Vi er ajour både når det gjeld mottak av ferdigbehandla pasientar og når det gjeld reduksjon av innleddingar i sjukhus.

Omsorgstenestene har godt samarbeid med legetenesta. Dette gjer at vi klarer å gi fleire brukarar nødvendig helsehjelp i kommunen, enten som alternativ til innledding eller ved behov for rehabilitering eller anna medisinsk oppfølging etter innledding i sjukhus. Særleg har samarbeidet med legetenesta vore viktig i arbeidet med kvardagsrehabilitering.

Som følgje av nye oppgåver og auke i talet på brukarar, har presset vore stort ved både sjukehimen, heimetenestene, legetenesta, helsestasjonen og Nav. Gjennom arbeidet i dei nye omsorgsbustadane, omorganiseringa av demensavdelinga, nytt dagcenter for demente og planlegging av det nye dagcenteret for psykisk utviklingshemma som skal opnast i august

ÅRSVERK	TILSETTE		
172	258		
NETTO RESULTAT	2014	2015	2016
Rekneskap	149,5	152,3	160
Budsjett	145,2	144,9	152,0
<b>Avvik</b>	<b>-4,3</b>	<b>-7,3</b>	<b>-8,0</b>
SJUKEFRÅVÆR I %	2014	2015	2016
Sjukefråvær	11,41	11,02	9,00

2017, har vi hatt fokus på innovasjon og nye måtar å organisere tenestene på. Vi meiner at vi langt på veg har lukkast med å få meir og betre helse- og omsorgstenester ut av dei eksisterande ressursane.


Etaten har eit rekneskapsmessig underskot på 8,0 mill. kroner. Dette skuldast mellom anna at barn-evertenesta hadde eit overforbruk på 3,53 mill. kroner, rekneskapsført på Helse- og omsorgsetaten. Legevakt og legetenestene hadde eit samla negativt resultat på om lag 500.000 kroner.

Omsorgstenestene har eit underskot på 4 mill. kroner pga. auka lønnskostnader for kommunen knytt til ressurskrevjande brukarar. I 2016 vart reglane for refusjon av utgifter endra og kommunen sin eigenandel vart auka med 50 000 kroner pr. brukar.

Dette auka kommunen sine utgifter med 700 000 kroner. Det øvrige underskotet skuldast i hovudsak bortfall av statsstøtte til brukarar som vert 67 år og som framleis treng den bistand dei har.

## Teneste og utviklingsmål

- ▶ Styrka brukarorientering, særleg i arbeid med unge brukarar, rusproblem og psykiske helseproblem.
- ▶ Styrke satsinga på innovasjon både når det gjeld organisering av tenestene og i tiltak spesielt retta mot psykisk utviklingshemma og brukarar med psykiske helseproblem og rusproblem.
- ▶ Styrke demensomsorga.
- ▶ Styrka arbeidsmiljø og redusert sjukefråvær.
- ▶ Få ned antal avvik på vald og truslar.
- ▶ Styrke fagkoordinatorane/leiarane sin kompetanse i leiing, heiltidskultur, demens, kvardagsmeistring og helserett.
- ▶ Styrke førebyggande arbeid med særleg fokus på tidleg innsats for born og unge.
- ▶ Kvardagsrehabilitering skal vere ein integrert del av tenestene.
- ▶ Gjere velferdsteknologiske løysingar tilgjengeleg for flest mogleg av brukarane.



SATSINGSMÅL	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2015	RESULTAT 2016	MÅL 2016
ØKONOMI	Avvik mot budsjett	-7,3 mill. kr	-8,0 mill. kr	0
SAMFUNN	Tilrettelegging for utvalde brukargrupper	Fleire kulturarrangement på Alvehaugen og Holsekerdalen	Ikkje målt	40
	Betreibungssgrad av bustader med heildøgns omsorg for personar over 80 år	37	37	37
	Tilgang på bustader for yngre brukarar med rusproblem og/eller psykiske helseproblem	13	13	13
	Effektivisering gjennom ny teknologi	Auke i tal på tiltak der ny teknologi vert teke i bruk	Ikkje målt	4
BRUKAR	Fornøgde brukarar	Score frå brukarundersøking – Psykisk helse	Ikkje målt	5 av 6
	Vi legg til rette for brei deltaking og brukarmedverknad	Brukarutval er oppretta	0	1
		Tal på brukarar som har positiv effekt av kvardagsmeistring	Ikkje starta	5
		Tal på pågående prosjekt med førebygging som målsetjing som viser positive resultat	5	3
		Prosent av personar over 80 år som har fått førebyggande heimebesök	100 %	50 %
	Tidleg oppdaging av demens	Tal på deltakarar på demenskurs for pårørande	11	0
		Tal på tilsette som deltek i relevant vidareutdanning	3	0
ORG.	Styrke kompetanseutvikling	Talet på kursdeltakarar innan helserett/vidareutdanning	3	5
	Betre arbeidsmiljø	Redusert sjukefråvær	11,02 %	9,00 %
	Heiltidskultur	Prosentdel med full stilling	Ikkje målt	-
	Offensiv satsing på tenesteinnovasjon	Tildelte prosjektmidlar pr. år innan helse- og omsorgsetaten	4,6 mill. kr	4,7 mill. kr
				5 mill. kr

# Oppvekst- og kulturetaten

KOMMUNALSJEF GRY NORDAL



Oppvekstetaten femnar om tenesteområda barnehage, grunnskule, PPT, vaksenopplæring, flyktningtenesta og norsk for framandspråklege. Ulstein kommune eig og driv ein barnehage og fem grunnskular. Kommunen har i tillegg ansvar for tilsyn og rettleiing av åtte ikkje-offentlege barnehagar.

Kultur og Idrett vart oppretta som eige område frå august 2014. I denne avdelinga finn vi kulturadministrasjonen, Ulstein kulturskule, Ulstein bibliotek, Sjøborg kulturhus og kino, drift av idrettsanlegg, Ungdomsklubben Bell og Frivilligentralen. Eininga er også koordinator for Ungdomsrådet.

## Aktivitet og resultat 2016

Oppvekst- og kulturetaten har i 2016 eit resultat i høve budsjett på -1,9 mill. kroner (om lag 0,93 % overforbruk). Ved nokre av skulane har driftskostnadane vore større enn budsjettet, det same gjeld tilskot til ikkje-kommunale barnehagar. Inntekter på flyktningområdet har vore større enn budsjettet grunna stort tal på busettingar, også familiesameinte. Ved einingar med stort sjukefråvær har det vore arbeidd systematisk for å redusere dette. Totalt for etaten ser vi at sjukefråværet i 2016 var eit prosentpoeng lavare enn i 2015.




Alle med rett til barnehageplass har fått oppfylt retten sin, og alle barnehagane har fylt opp plassane i 2016. Det har i løpet av året, utanom hovudopptaket, stort sett vore mogleg å tilby plass til nye søkjrar innan

ÅRSVERK	TILSETTE		
	230	271	
NETTO RESULTAT	2014	2015	2016
Rekneskap	197,7	199,2	206,6
Budsjett	189,7	201	204,7
<b>Avvik</b>	<b>-8</b>	<b>1,9</b>	<b>-1,9</b>
SJUKEFRÅVÆR I %	2014	2015	2016
Sjukefråvær	11,41	11,02	9,00

I 2016 vart det busett 32 flyktningar, i tillegg kom 15 familiesameinte. 21 % av deltakarane i introduksjonsprogrammet gjekk over i arbeid eller utdanning etter avslutta program. Deltaking i KS Effektiviseringsnettverk for introduksjonsordninga resulterte i ei god tenesteanalyse som bidreg til betre innsikt i eigne tenester, og som kan nyttast i planlegging av vidare arbeid med introduksjonsprogrammet i kommunen. Målet er å sikre eit heilskapleg kommunalt tenestetilbod med god ressursdisponering og samordna tenester av god kvalitet.

Skulane og PPT er i gong med eit arbeid der målet er

å styrke den tilpassa opplæringa og dermed redusere behovet for spesialundervisning. Prosentdel timar til spesialundervisning av samla tal på lærartimar var i 2016 på 19,3 mot 19,7 i 2015.



## Teneste og utviklingsmål

- ▶ Sikre gode læringsmiljø som grunnlag for born si faglege og personlege utvikling.
- ▶ I samarbeid med heimane arbeider skulane kontinuerleg for gode skolemiljø som fremmar trivel, gode faglege resultat, meistring og mangfold, og gir elevane høve til sosial og kulturell utvikling.
- ▶ Sikre barnehageplass til alle som ynskjer det.
- ▶ Utvikle eit forpliktande og nært samarbeid mellom skulane og arbeidslivet i kommunen, med siktet på auka kunnskap, kompetanse og rekruttering.
- ▶ Endring frå individretta til systemretta arbeid og fokus, og redusert timetal til spesialundervisning.
- ▶ Kulturkontoret skal legge til rette for og samarbeide med kulturlivet i kommunen.
- ▶ Kulturkontoret skal ha fokus på born og unge, og legge til rette for positive oppleveligar og deltaking innan ulike arenaer/aktivitetar i kommunen.

SATSINGSMÅL	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2015	RESULTAT 2016	MÅL 2016
ØKONOMI	Avvik mot budsjett	+ 1,9 mill. kr	-1,9 mill. kr	0
BRUKAR	Offentleg satsing på IT i skulen	Tal på gjennomførte tiltak nedfelt i kommunal IKT-plan for skulane i Ulstein	5	Fleire tiltak enn målsettinga, satingsområde
	Vi er ein ambisiøs og målretta skuleigar	Resultat på nasjonale prøver, 5. klasse eng/les/mat	53/49/54	50/50/50
		Resultat på nasjonale prøver, 8. klasse eng/les/mat	50/49/51	52/49/53
		Grunnskulepoeng	38,9 (landssnitt 40,8)	41,1 (landssnitt 41,2)
	Meistring og mangfold i skulen	Score frå elevundersøkinga: trivst i skulen (1 – 5, 5 er best) 7. og 10. trinn	4,3 4,3	4,5 4,4
		Score frå elevundersøkinga, mobbefri skule (1 – 5, 1 er best) 7. og 10. trinn	1,2 1,0	1,3 1,2
	Eit godt og variert barnehagetilbod, med full dekning	Kommunal barnehage: 0 Totalt for private barnehagar: 2,1	-	0
		Tal på dispensasjoner i høve pedagogisk personale		
		Barnehagedekning i %	103 %	-
	Ein kulturrik kommune	Score frå innbyggerundersøkinga, kulturspørsmål	4,9 av 6	-
	Ein forenkla kvardag for våre brukarar	Prosentdel skjema tilgjengelege på nett	100 %	100 %
		Prosentdel skjema som kan innsendast elektronisk	11/12	11/12
ORG.	Offensiv søknad på spelemedialar	Tal på godkjende søknader pr. år	-	-
	Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø	Score frå medarbeidarundersøkinga, gjennomsnitt	Ikke målt	Ny undersøking, ikkje samanliknbart
		Sjukefråvær i %	7,21 %	6,19 %
	Nyskaping	Tal på igangsette nyskapingstiltak	5	2 på alle skulane
				Minimum 1 tiltak på alle einingane

# Teknisk etat

KOMMUNALSJEF ANITA SUNDNES



Teknisk etat har ansvar for vann, avløp, veg, hamn og utbygging innanfor desse områda.


Byggesakshandsaming, kart- og oppmålingstenester, planlegging, sal av bustad- og industritoromter og forvaltning av Husbankens låne- og tilskotsordningar. Brannvesen, feieteneste og generell kommunal beredskap. Etaten er organisert i tre avdelingar: plan- og bygningsavdeling, drifts- og anleggsvadeling og brann/feiing.

## Aktivitet og resultat 2016

Av gjennomførte tiltak kan nemnast fullføring av vassleidning frå Mosvatnet til Bugarden, dermed også etablering av tursti heile vegen. All eternitt er skifta ut i vassleidninga gjennom Ringstaddalen. Det er oppført veglys i indre Haddal og etablert busslommer på begge sider av krysset Haddalvegen/Eiksundvegen. Arbeidet med hovudplan for avløp vart starta opp. Samfunnsdelen av kommuneplanen og trafikktryggingsplan vart vedteken. I etterkant av godkjend reguleringsplan på Skeide, er arbeidet

med grunnerverv starta opp. Kommunane på Ytre Søre Sunnmøre fekk tilgang til detaljerte marine grunnkart, som einaste område i landet med 1x1 m oppløysing. Det er eit økonomisk negativt avvik på om lag 1,5 mill. kroner Dette skuldast i hovudsak sviktande gebyrintekter innan byggesak og oppmåling som følgje av aktivitetsnivået i kommunen generelt, høge utgifter med snøbrøyting første halvår samt negativt avvik på grøntanlegg.

Det er gjennomført brukarundersøkingar for vann og byggesak. Resultatet av undersøkingane går fram av grafane øvst på neste side. Score frå 1 til 6, der 6 er best.




ÅRSVERK	TILSETTE		
	2014	2015	2016
21,6	27		
<b>NETTO RESULTAT</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>
Rekneskap	20,9	25	27,6
Budsjett	22,4	24,3	26,1
<b>Avvik</b>	<b>1,4</b>	<b>-0,7</b>	<b>-1,5</b>
<b>SJUKEFRÅVÆR I %</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>
Sjukefråvær	1,99	1,37	4,04

## Teneste og utviklingsmål

- Levere tenester av god kvalitet og gi god service til innbyggjarane, næringslivet, andre kommunale einingar og overordna mynde innanfor etaten sitt ansvarsområde. Inkludert i dette er å nyte digitale verktøy optimalt.
- Arbeide for auke i busetnad og næringsutvikling gjennom tilrettelegging av areal og utbygging av infrastruktur.
- Det skal vere trygt å ferdist for alle trafikantar. Utbygging av gang- og sykkelvegar har prioritet.
- Folkehelseperspektivet står sentralt i all planlegging. Fysisk tilrettelegging for uteaktivitet er viktig for bulyst og friluftsliv.
- Kommunen skal sikre god og trygg vassforsyning til alle, og handtere avløpsvatn i samsvar med alle relevante krav.
- Ha god beredskap mot uønska hendingar.
- Kompetanse – halde fokus på kompetanseutvikling i eigen organisasjon.
- Planverket skal haldast oppdatert.

SATSINGSMÅL	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2015	RESULTAT 2016	MÅL 2016
<b>ØKONOMI</b>	God økonomisk styring	Avvik mot budsjett	- 0,7 mill. kr	-1,5 mill. kr
	Betre prosjektstyring	Økonomiske overskridinger ift. totalramme for vann og avløp	Ingen	Ingen
		Tal på utbyggingsprosjekt (veg, bustadfelt m.m) med overskridning	1 av 3 (30 %)	0 %
		Tal på krinsar med byggeklare tomter	6 av 7	4/7
	Tilrettelegging for bustadbygging	Regulert og byggeklart areal tilgjengeleg for konsentrert utbygging i Ulsteinvik/Skeide	25 daa	20,9 daa
	Tilgjengeleg næringsareal	Regulert næringsareal klart for utbygging	60 daa	47 daa
		Totalt antal km turstiar og løyper tilrettelagt for sommarbruk pr. år	3,1 km	7,2 km
	Folkehelsetiltak	Tal på opparbeidde leikeareal i bustadområde (frå idrettsanlegg.no)	850 m2	850 m2
	Du får gode tenester ved teknisk etat	Gjennomførte årlege ryddeaksjonar og medverke til strandryddedag (skular, grendalag og grunneigarar)	Gjennomført	Gjennomført
	God og profesjonell forvaltning	Brukundersøkinga: snittscore på VA	Ikkje målt	4,8
<b>BRUKAR</b>		Brukundersøkinga: snittscore på byggesak	Ikkje målt	5,0
	Tilgjengeleg næringsareal	Tal på omgjorde vedtak frå fylkesmannen ift. totale klagesaker	2 av 2	0 av 3
	Folkehelsetiltak	Tal på registrerte og lukka avvik i Risk Manager	1/1	3/3
	Du får gode tenester ved teknisk etat	Prosentvis andel av veglys utskifta frå halogen til led	0 % (ikkje løvd midlar)	0 % (ikkje løvd midlar)
	God og profesjonell forvaltning	Tal på etablerte ladestasjonar for el-bilar i sentrum i økonomiplan-perioden	0	0
<b>ORG.</b>	Ta i bruk ny teknologi i tenestene	Tal på nye/reviderte tiltak ved bruk av teknologi (analogt til digitalt)	-	75 %
	Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø	Tal på gjennomførte medarbeidarsamtalar	60 %	-
				100 %



# Organisasjon og økonomi




## Våre tilsette

I alt 652 personar var tilsett i Ulstein kommune ved utgangen av 2016. Om lag 85 % av desse er kvinner. Leiande stillingar er fordelt på 15 kvinner og 10 menn. Aldersfordelinga er relativt jamn der storparten av dei tilsette er i aldersgruppa 30-59 år.

	UNDER 20 ÅR	20 -29 ÅR	30 -39 ÅR	40 - 49 ÅR	50 - 59 ÅR	60 - 69 ÅR	70 +	ANTAL TILSETTE
KVINNE	2	68	109	155	162	61		557
MANN	0	12	19	19	33	12		95
TOTALT	2	80	128	174	195	73		652
ALDERSFORDELING %	0,3 %	12,2 %	19,6 %	26,7 %	30,0 %	11,2 %		

## Heiltid – deltid

Kartlegging viser at svært mange deltidstilsette i vår organisasjon har redusert arbeidstid grunna helseplager eller omsorgsoppgåver. Ved årsskiftet hadde 45 tilsette gradert uførepensjon og 13 tilsette hadde gradert permisjon. I alt 21 tilsette er studentar/skulelevar med deltidsstilling ved sidan av studiane. Vi har også tilsette (ca. 40) som har gradert stilling i vår organisasjon i tillegg til anna arbeid i andre organisasjoner. Som arbeidsgivar har vi likevel ein veg å gå for å redusere omfanget av deltidstilsette. Dette er eit viktig tiltak for å sikre kompetanse, kvalitet på tenestene og eit godt arbeidsmiljø. I avtale mellom KS og arbeidstakarorganisasjonane er dette noko vi også har forplikta oss til å jobbe vidare med. Hausten 2016 vart det oppretta ei arbeidsgruppe som skal utarbeide ein lokal tiltaksplan for å etablere/sikre ein heiltidskultur i Ulstein kommune. Dette arbeidet skal ferdigstilla i løpet av 2017.



## Diskriminering

Diskrimineringslova sitt formål er å fremje likestilling, sikre like moglegeheiter og rettar samt hindre diskriminering på grunn av etnisitet, nasjonal opprinnelse, avstamming, hudfarge, språk, religion og livssyn.

Ulstein kommune arbeider for å fremje lova sine formål innan vår verksemder. Aktivitetane omfattar mellom anna rekruttering, lønns- og arbeidsvilkår, forfremjing og vern mot trakkassering. Ulstein kommune har som mål å vere ein arbeidsplass som legg til rette for tilsette med redusert funksjonsevne. Vi har til ei kvar tid minst åtte personar på ulike ordningar for arbeidstrening, språkpraksis eller tilrettelagd arbeid i samarbeid med NAV.

## Avviksrapportering

Vi nyttar eit elektronisk system for registrering og behandling av avvik. Mange avvik på vald og truslar har ført til større merksemder og fleire tiltak for å sikre tilsette eit trygt og forsvarleg arbeidsmiljø. Tiltaka er gjort både på systemnivå og individnivå. Dei fleste avvika er mindre alvorleg, men ei påminning om å sikre system og rutinar for å unngå alvorlege konsekvensar. Døme på avvik som er alvorlege, er avvik innan vald og truslar og avvik innan tenestekvalitet som gjeld medisinhandtering.

Sjølv om avviksregistrering er eit hyppig tema i møte med leiarar, tillitsvalde og verneombod, må vi ta høgde for at det truleg er underrapportering av avvik i heile organisasjonen.



Tabellen under viser oversikt over avvik fordelt på avdeling og avviksområde. Tal frå 2015 i parentes.

AVVIK/AVDELING	TENESTE-KVALITET	HMS	TRUSLAR OG VALD	INFORMASJONSSIKKERHET	FORBETRINGS-FORSLAG	SUM AVVIK
Helse og omsorgsetaten	186 (185)	26 (53)	155 (112)	5 (10)	(6)	372
Oppvekst og kulturetaten	6 (5)	4 (3)	25 (13)	1 (1)	(1)	36
Teknisk etat	-	2 (-)	-	-	1 (-)	3
Sentraladministrasjonen	-	-	-	2 (3)	-	2
<b>SUM AVVIK</b>	<b>192 (190)</b>	<b>32 (32)</b>	<b>180 (125)</b>	<b>8 (8)</b>	<b>1 (7)</b>	<b>413 (392)</b>



## Sjukefråvær

Gjennom IA-avtalen har Ulstein kommune eit mål om å halde sjukefråværet under 7 %, eller eit arbeidsnærvær på minst 93 %. I 2016 var det totale sjukefråværet i Ulstein kommune 6,99 %. Dette er ein nedgang på 1,25 prosentpoeng frå året før. Nedgangen skriv seg frå dei to største etatane; helse- og omsorgsetaten og oppvekstetaten.



## Lærlingar

I 2016 hadde vi 16 lærlingar i Ulstein kommune. Vi har jobba aktivt i lag med Opplæringskontoret på Søre Sunnmøre for å rekruttere lærlingar til våre fagområde. Desse er fordelt på institusjonskokk, barne- og ungdomsarbeidar, helsefagarbeidar og logistikkfag. I budsjett og økonomiplan for 2016-2019 er det teke høgde for at vi skal kunne halde fram med å satse på lærlingar i åra som kjem.

## Medarbeidarundersøking

Vi har brukt medarbeidarundersøking frå Kommuneforlaget/Betre kommune i åra 2014, 2012 og 2007. Vårt mål er å gjennomføre medarbeidarundersøking kvart andre år, og bruke tida i mellom til å jobbe med resultatet. I 2016 har vi valt å bruke undersøkinga «10-faktor» som er utarbeidd av professor Linda Lai i samarbeid med KS. Undersøkinga er forskningsbasert og legg vekt på å måle faktorar som vi kan arbeide målretta med. I Ulstein kommune fekk vi inn 362 av 666 moglege svar. Både resultat og svarprosent skil seg mellom dei ulike avdelingane i kommunen. Leiatar, verneombod, tillitsvalde og personalgruppene vil jobbe med resultatet og utarbeide einingsvise tiltaksplanar.

Tabellen under viser resultatet for Ulstein kommune samanlikna med landssnittet for norske kommunar som har gjennomført undersøkinga. Skalaen går frå 1 til 5 der 5 er beste resultat. Vi er generelt nögde med at resultatet for Ulstein og norske kommunar er relativt godt. Vi må jobbe vidare med å få ein høgare svarprosent og vi vil nyte resultatet til å jobbe vidare med å sikre god leiing og god kvalitet i tenestene.

FAKTOR	ULSTEIN	LANDSSNITT KOMMUNE	OMTALE
OPPGÅVEMOTIVASJON	4,2	4,3	Motivasjonen for oppgåvene i seg sjølv, det vil sei om oppgåvene vert opplevd som ei drivkraft og som spennande og stimulerende (også kalla indre jobbmotivasjon).
MEISTRINGSTRU	4,2	4,3	Meistringstrua speglar kvar enkelt medarbeidar si tiltrø til eigen kompetanse og høve til å meistre utfordringar i jobbsamanheng.
AUTONOMI (SJØLVSTENDE)	4,1	4,2	Medarbeidaren si oppleving av å ha høve til å jobbe sjølvstendig og gjere eigne vurderinger i jobben sin, basert på eigen kompetanse, og innan ei definert jobbrolle.
BRUK AV KOMPETANSE	4,1	4,2	Medarbeidarane si oppleving av å få brukt eigen jobbrelevant kompetanse på ein god måte i sin noverande jobb.
MEISTRINGSORIENTERT LEIING	3,8	3,9	Leiing som vektlegg at den enkelte medarbeidar skal få utvikle seg og bli best mogleg ut frå sine eigne føresetnader, slik at medarbeidaren opplever meistring og yter sitt beste.
ROLLEKLARHET	4,1	4,2	Høg rolleklarheit vil seie at forventningane til den jobben medarbeidaren skal gjere er tydeleg definert og kommunisert.
RELEVANT KOMPETANSEUTVIKLING	3,5	3,7	Relevant kompetanseutvikling er avgjørende for at medarbeidarane til ei kvar tid er best mogleg rusta til å utføre oppgåvene sine med høg kvalitet, og er avgjørende for kvaliteten på dei tenestene som vert levert, uansett kva type teneste vi snakkar om.
FLEKSIBILITETSVILJE	4,4	4,4	Medarbeidaren sin vilje til å være fleksibel på jobb og tilpasse sin måte å jobbe på til nye behov og krav.
MEISTRINGSKLIMA	4,0	4,0	I eit meistringsklima vert medarbeidarane motivert av å lære, utvikle seg og gjere kvarandre gode, framfor å rivalisere om å bli best.
NYTTEORIENTERT MOTIVASJON	4,5	4,6	Motivasjon for å gjere noko nytig og verdifullt for andre, også kalla prososial motivasjon, er ei viktig drivkraft for mange og har ei rekke godt dokumenterte, positive effektar.












# Finansforvaltning

## Årsrapport 2016



### Finansforvaltning

Ulstein kommune har i 2016 rapportert aktiva og passiva sida til kommunestyret, kvart tertial, samla for både kommunen og eigedomsselskapet. Samla rapport for 2016 vert lagt fram som ein del av årsrapporten. I 2016 har Ulstein kommune nytta Bergen Capital Management som rådgjevarar inn mot lâneporteføljen og Sydvestor AS som forvaltarar av langsigte midlar på aktivatasida.

Pr. 31.12 var fordelinga mellom dei finansielle passiva og aktiva slik for Ulstein kommune og Ulstein eigedomsselskap KF i 2015 og 2016:



Utvikling av likvide midlar har vore slik i 2015 og 2016:



Likviditetssituasjonen er for tida romsleg, men mykje av likviditeten er knytt til lâneopptak for prosjekt som skal gjennomførast. Etter kvart som utbygginga vert gjennomført vil unytta lânemidlar gå ned. Spesielt er dette knytt til ferdigstilling av Arena Ulstein då dette er eit stort prosjekt. Kommunen har avgrensa likviditet knytt til fond fordi driftsfondet må sjåast i samanheng med premieavviket når vi vurderer likviditet. Kommunen har ei reserve ved at det er avtalt ein kassakreditt gjennom bankavtalene, men dette er relativt dyr finansiering. Alternativet kan være ordinære lâneopptak til styrking av likviditeten eller oppbygging av fond.

Porteføljen på midlar til aktiv forvaltning har i løpet av 2016 auka med 764.000 kr til 42,283 mill kr:

FORVALTNING SYDVESTOR	PORTEFØLJE 01.01.2016		AVKASTNING 2016			PORTEFØLJE 31.12.2016		
	KR	PROSENT	KR	PROSENT	BENCHMARK	AVVIK MOT BENCHMARK	KR	PROSENT
Aksjeforvaltning	13 933 000	33,6 %	545 000	3,91 %	3,28 %	0,63 %	14 288 000	33,8 %
Bankinnskot/rentefond	27 586 000	66,4 %	410 000	1,47 %	0,00 %	1,47 %	27 995 000	66,2 %
<b>Samla portefølje</b>	<b>41 519 000</b>		<b>955 000</b>				<b>42 283 000</b>	

PORTEFØLJEN OG MARKNADSRENTER PR. 31.12.2016

VEKTA GJENNOMSNITTSRENTE UK/UEKF	P.T. KOMMUNALBANKEN	NORGES BANK (STYRINGSRENTE)	3 MND NIBOR	6 MND NIBOR	3 ÅRS SWAP	5 ÅRS SWAP
2,01 % / 2,19 %	1,80 %	0,50 %	1,62 %	1,74 %	1,95 %	2,25 %

Vi ser at den vekta gjennomsnittsrenta er høyere enn dei korte rentene i marknaden. Årsaka til dette er rentebindingane som er gjennomført. Rentebindingane som er gjort er i samsvar med kommunen sitt finansreglement og vedtak gjort i samband med budsjettarbeidet for 2016 for Ulstein kommune og UEKF.

Det å samanlikne vekta gjennomsnittsrente mot korte renter gir ikke et rett bilde av resultatet av kommunen sin rentestrategi. Det vert meir rett å samanlikne rentebindingstida (vekta løpetid) porteføljen har opp mot marknadsnivå på tilsvarende løpetider. Rentebindingstida for dei to låneporteføljene pr.31.12.2016 er:

ULSTEIN KOMMUNE:

INTERVALL	PÅLYDANDE I NOK	RENTEBINDINGSTID	ANDEL	AKKUMULERT ANDEL
Under 1 år	309 324 353	0,13	56,29 %	56,29 %
1 til 2 år	0	0	0,00 %	56,29 %
2 til 3 år	1 721 512	2,49	0,31 %	56,61 %
3 til 5 år	91 700 000	4,60	16,69 %	73,30 %
> 5 år	146 727 000	8,22	26,70 %	100,00 %
<b>SUM</b>	<b>549 472 865</b>	<b>3,01</b>	<b>100,00 %</b>	<b>100,00 %</b>



ULSTEIN EIGEDOMSSELSKAP:

INTERVALL	PÅLYDANDE I NOK	RENTEBINDINGSTID	ANDEL	AKKUMULERT ANDEL
Under 1 år	283 703 926	0,24	31,24 %	31,24 %
1 til 2 år	20 000 000	1,21	2,20 %	33,44 %
2 til 3 år	0	0	0,00 %	33,44 %
3 til 5 år	0	0	0,00 %	33,44 %
> 5 år	604 437 000	6,37	66,56 %	100,00 %
<b>SUM</b>	<b>908 140 926</b>	<b>4,34</b>	<b>100,00 %</b>	<b>100,00 %</b>



# Avdelingsvise oversikter

Tenesteoversikt, utviklingsmål, nøkkeltal, aktiverte tiltak

Sentraladministrasjon	Helse og omsorg	Oppvekst og kultur	Teknisk
Økonomiavdeling	Omsorg - Sone 1	Oppvekst	Ulstein brannvesen
Personalavdeling	Omsorg - Sone 2	Haddal skule	Anlegg og drift
IT-avdeling	Omsorg - Sone 3	Hasund skule	Plan- og bygningsavdeling
Kommunikasjonsavdeling	Omsorg - Sone 4	Ulstein skule	VA - Vatn og avløp
	Legeteneste	Ulsteinvik barneskule	Veg og hamn
	Helsestasjonsteneste	Ulstein ungdomsskole	
		PPT	
		Ulstein kompetansesenter	
		Sundgotmarka barnehage	
		Kulturavdeling	
		Flyktning og innvandrar	

## RÅDMANN, ASS. RÅDMANN, KOMMUNALSJEFAR



Rådmann  
Verner Larsen



Ass. rådmann  
Arne Runar Vik



Helse- og omsorgsetat  
Kommunalsjef  
Marit Botnen



Oppvekst- og kulturetat  
Kommunalsjef  
Gry Nordal



Teknisk etat  
Kommunalsjef  
Anita Sundnes


## STAB



Økonomiavdeling  
Leiar  
Steinar Nummedal



Kommunikasjonsavdeling  
Leiar  
Asbjørg Garshol



Personalavdeling  
Leiar  
Kari Riise



IT-avdeling  
Leiar  
Tor Halvar Botnen



Politisk sekretariat  
Leiar  
Svein Arne Orvik

## HELSE- OG OMSORGSETAT



Sone 1 heimetenester  
Leiar  
Heidi Strand



Sone 2 heimetenester  
Leiar  
Gunn Hofset



Sone 3 institusjon/heimetenester  
Leiar  
Gunn Sætre



Sone 4 institusjon  
Leiar  
Gunn Helen Hauge Muren



Fellestenester/legeteneste  
Leiar  
Inger Lise Kaldhol



Helsestasjonsteneste  
Leiar  
Kristin Meli



NAV  
Leiar  
Anne Karin Urke Osnes

## OPPVEKST- OG KULTURETAT



Ulstein kompetansesenter  
Leiar  
Bjørnar Urke



PPT  
Leiar  
Ingrid Evebø Haug



Sundgotmarka barnehage  
Leiar  
Nora Wingsternes



Kulturavdeling  
Leiar  
Leif Ringstad



Flyktning og innvandrar  
Leiar  
Lars Erling Bjåstad Hovlid



Ulsteinvik barneskule  
Leiar  
Kjell Lunde



Ulstein skule  
Leiar  
Berit Brunvold



Haddal skule  
Leiar  
Kjell Runde



Hasund skule  
Leiar  
Marianne Ulstein Johnston



Ulstein ungdomsskule  
Leiar  
Leon Romestrand

## TEKNISK ETAT



Anlegg og drift, veg og  
hamn, vatn og avløp  
Leiar  
Odd Kåre Wiik



Brann og feiing  
Leiar  
Arne Runar Vik



Plan- og bygningsavd.  
Leiar  
Anita sundnes









## Omsorg – Sone 3

LEIAR: GUNN SÆTRE

Hi-floa er to bufellesskap på Alvehaugen med til saman 21 omsorgsbustadar. Hi-floa sine pasientar er personar med døgnkontinuerleg omsorgsbehov. To av bebuarane er ressurskrevjande med 1:1 bemanning dag og kveld.

G-floa er korttidsavdelinga på sjukeheimen som tek imot pasientar frå heim og sjukehus til rehabilitering, behandling eller avlastning. Avdelinga har 18 plassar, derav eit rom avsett til øyeblikkeleg hjelp.

Dagsentertilbodet for eldre på Alvehaugen og Bygdastova (Ulshaug) gir sosial aktivisering og trening til heimebuande samt aktivitetstilbod til dei som bur

på Alvehaugen. Dagsenteret på Alvehaugen er ope fem dagar i veka og på Bygdastova to dagar i veka.

Ambulerande serviceteneste har ansvar for formidling og reparasjon av hjelpemiddel, middagsombering, køyre brukarar til og frå alle dagtilbod samt service- og sjåførteneste for helse- og omsorgsetaten.

Fysioterapitenesta har fast deltidsstilling til pasientar på sjukeheimen og pasientar som har rett til fysioterapi i egen heim. Fysioterapeuten hadde i tillegg 0,15 % stilling for å delta i prosjektet «Lyst på livet» i 2016.

### Aktivitet og resultat 2016

Avd. G klarte også i 2016 å ta imot alle utskrivingsklare pasientar frå sjukehuset innan fristen (60 pasientar). Avdelinga tok også imot 37 pasientar frå heimen og 15 øyeblikkeleg-hjelp innleggjarar. Tala er lavare enn fjoråret, og skuldast truleg fleire pasientar med langtidsplass og dermed mindre rom til å ta imot korttidsopphold frå heimen og mindre kapasitet til å ta imot øyeblikkeleg-hjelp pasientar. I periodar har vi hatt overbelegg med pasientar på pårøranderom og i stover.

### Teneste og utviklingsmål

- Avdeling G (korttidsavdeling) skal ta imot alle utskrivingsklare pasientar innan fastsett frist. Auke tal på rom brukt til korttidsplassar.
- Vektlegge brukarmedverknad og ha fokus på god dialog med brukar og pårørande. Alle brukarar skal ha tildelt primærkontakt.
- Godt arbeidsmiljø og redusert sjukefråvær.
- Behov for kompetanseuke med faglærte i alle stillingar, spesielt ynskje om styrka sjukepleiardekning og andre høgskuleutdanna.
- Vidareutvikle dagsentertilbodet på Alvehaugen og Bygdastova med vekt på trivel og tilbod til demente.

SATSINGSOMRÅDE	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2015	RESULTAT 2016	MÅL 2016
ØKONOMI	Avvik mot budsjett	1,4 mill. kr	-0,3 mill. kr	0
BRUKAR	Prosentdel faglærte i faste stillingar	Ikkje målt	90 %	90 %
	Auke prosentdel sjukepleiarar/høgskuleutdanna	20 % sjukepleiedekning av total stillingsheimar	Auka med 50 % stilling sjukepleiar	Auke sjukepleiedekninga med 50 % stilling
	Tenestetilbodet skal opplevast trygt og godt	Ikkje mål	5,3 ( sjukeheim)	5 ( 6 er beste resultat)
ORG.	Tildelt primærkontaktar til brukarane	Ikkje målt	100 %	100 %
	Vere ein pålitelig aktør i samhandlingskjeda	Tal på bøter knytt til utskrivingsklare pasientar frå sjukehus som treng korttidsopphold på sjukeheimen	0 (av 60 som kom frå sjukehus til sjukeheim)	0
	Vi er gode på IT-systema vi brukar	Tal på nyttilsette som har gjennomført nødvendig opplæring i bruk av Gerica innan ein månad etter tilsetjing	100 %	95 %
	Internkontroll	Tal på nyttilsette som har gjennomført opplæring i Risk Manager innan ein månad etter tilsetjing	100 %	95 %
	Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø	Sjukefråvær i %	11,28 %	9,77 %
				10 %



## Omsorg – Sone 4

LEIAR: GUNN HELEN HAUGE MUREN

Sone 4 omfattar: Avdeling E (Åtte plassar for menneske med demenssjukdom, kognitiv svikt), Avdeling F (16 plassar for menneske med demenssjukdom, kognitiv svikt og somatisk sjukdom. Forsterka skjerming for inntil tre bebuarar), Nattevaktteam (Team med seks personar kvar natt, med base på Alvehaugen og i Holekerdalen 22), Vaskeriet (Vask av alt personaltøy, institusjonstøy, privatøy til bebuarar på institusjon og andre som har avtale om vaskeriteneste), Storkjøkken (Leverer ca. 160 middagar kvar dag, mat til alle avdelingar, driftar kantine, cateringverksem), Vikarbanken.

### Aktivitet og resultat 2016

Avd. E og F har halde fram det miljøretta arbeidet med fokus på brukarmedverknad. Vi har jobba med å finne gode rutinar/loysingar for den forsterka skjerma eininga. I 2016 hadde vi om lag same tal på melde avvik ifht truslar og vald som i 2015, og det er rapportert fleire avvik på småskade. Dette må sjåast i samanheng med betre rapportering, og til ei kvar tid innebuande pasientar. Eit prioritert område

har vore samtykkeurderingar, tillitsskapande arbeid og bruk av tvungen helsehjelp etter pasient- og brukarrettigheitslova kap 4A. Musikterapistillinga er ein suksessfaktor i demensomsorga. Dagaktivitetstilbodet vert aktivt nyttja av avdelingane, og det er til ei kvar tid om lag 3-4 bebuarar som nyttar seg av frukostgruppe. Sona har greidd å nå målet

målet må det tilførast ressursar.

Kjøkkenet driv godt, og ligg på om lag 160 leverte middagar kvar dag. I tillegg leverer kjøkkenet påsmurd frukost til alle avdelingar på Alvehaugen og driftar kantina. Vaskeriet har hatt auka press på tenestene, men arbeider godt med små ressursar.

Natt-teamet samarbeider godt på tvers av sonene, og gjennom samarbeid og løysingsorientering er dei med på å gi heimebuande og pasientar i institusjon ei god og trygg natt-teneste.

### Teneste og utviklingsmål

- Styrke demensomsorga.
- Styrke arbeidsmiljøet og redusere sjukefråværet.
- Vidareføre frukostgruppe.

SATSINGSOMRÅDE	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2015	RESULTAT 2016	MÅL 2016
ØKONOMI	Avvik mot budsjett	-1,4 mill. kr	0,1 mill. kr	0
BRUKAR	Score frå brukarundersøkinga på brukaren si vurdering av tenestene	Ikkje målt	5,3	5
	Tenestetilbodet skal opplevast trygt og godt	Auke talet på tilsette med fagutdanning	1	3
	Auke talet på heiltidstilsette	-	0	-
ORG.	Tal på inngående søknadar med sakhandsamingstid ut over tidsfristen	0	0	0
	Tal på personar med demens/kognitiv svikt som nyttar seg av dagplastilbod	9	8	10
	Registrerte avvik/småskade på utagerande åtferd pr. år	13 (underrapportert)	12/29	15
	Gjennomføre pårørandeskule med demensforeininga annakvart år	Ja	Nei, 2017	Nei
	Vi er gode på IT-systema vi brukar	Tal på nyttilsette som har gjennomført nødvendig opplæring i bruk av Gerica, Min Arbeidsplan og Kvalitets- og styringssystemet innan ein månad etter tilsetjing	90 %	90 %
	Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø	Sjukefråvær i %	15,95 %	9,24 %
	Fagutvikling	Vidareutvikle demenskontakt i heimetene	Ja	Ja
		Tal på bebuarar frå E/F som nyttar frukostgruppe	3	4





## Helsestasjonsteneste

LEIAR: KRISTIN MELI

Helsestasjonen er lokalisert på Reiten. Her er ni helsesøstre, to helsestasjonsleger, jordmor, kommuneoverlege og forelderrettetleiar. Barnevernet og Ålesund familielievernkontor har avdelingskontor her. Ulstein er vertskommune for den interkommunale jordmøtenesta, med Leiande helsesøster som administrativ leiar.

Helsestasjonen har fokus på helsefremmande og førebyggande arbeid. Vi gir tilbod om oppfølging til alle born som vert fødd i Ulstein kommune frå fødsel til og med vidaregående skule, og vi gir tilbod om ulike forelderrettelijingsprogram. Ut over dette har vi forsterka helsestasjon; eit tilbod til gravide og småbarnsforeldre som misbrukar rusmiddel. Vi har eigne helsesøstre til asylsøkjarar, flyktingar og helsestasjon for ungdom.

### Aktivitet og resultat 2016

Satsingsområde i 2016 er stort sett ei videreføring av tidlegare års arbeid og satsingar. Det kjem nasjonale føringer som vi må ta omsyn til og vi har lokale utfordringar i Ulstein som vi ynskjer å jobbe med. Vi ser stor nytte av å satse på interkommunale opplæringer/intervensjonar. Opplæring er då lettare gjennomførleg og det gir eit breiare familjø. Helsestasjonen samarbeider med andre aktuelle fagpersonar/avdelingar i kommunen for om mogleg å førebygge

vidare utvikling av problem og utfordringar. Vi har fokus på å finne risikoborna-/familiane i kommunen.

Vi fekk 300 000 kroner i prosjektmidlar av Helsedirektoratet for å styrke helsesøtertenesta på Ulstein vidaregående skule. Dette har ført til auka tilgjengelefeit, tettare og meir målretta samarbeid med andre faggrupper og betre og tettare oppfølging av enkeltelevarar.


Helsestasjonen er sentral i det tverrfaglege kommunale tilbodet til asylsøkjarar. Auken av asylsøkjarar på mottaket i kommunen har ført til auka helsesøster-

ressurs. Born, gravide og einslege mindreårige har vorte prioritert saman med informasjonsarbeid og oppfølging av psykisk helse. Det er eit tett og godt samarbeid mellom helsestasjonen, legekontoret, barnevernet og tenesta for rus og psykisk helse ift. asylsøkjarar.

Ulstein er ein internasjonal kommune: 40 % av alle som vart fødd i 2016 har ein/to foreldre med opprinnelse frå andre land.

### Teneste og utviklingsmål

- ▶ 100 % oppslutning om helsestasjonen av aktuelle brukargrupper.
- ▶ Likeverdig helsestasjons-/skulehelsetilbod til alle born i kommunen.
- ▶ Fokus på psykisk helsearbeid blant born og ungdom.
- ▶ Fokus på avdekke/førebygge vald, psykisk sjukdom og rus hos gravide og småbarnsforeldre.
- ▶ Kome tidleg inn og tilby foreldrestøttande tiltak til dei som har behov for å styrke foreldrefunksjonen.



SATSINGSMRÅDE	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2015	RESULTAT 2016	MÅL 2016
ØKONOMI	God økonomisk styring	Avvik mot budsjett	0	0,2 mill. kr
	Søke prosjektmidlar til å utvide drifta	Helsestasjonen til stades på Ulstein vidaregående skule	70 %	100 %
BRUKAR	Optimal oppslutning om helsestasjonen	Prosentdel nyfødde med heimebesøk innan to veker etter heimkomst	96 %	89 %
		Prosentdel gjennomførte seks-vekers kontrollar innan 8. leveveke	100 %	89 %
		Prosentdel gjennomførte to-årskontrollar	94 %	89 %
ORG.	God tilgjengeleheit, lett å nå helsestasjonen	Score på brukarundersøkinga: informasjon på nettsider og brosjyrar	Ikkje gjennomført	-
	Alle barn får individuelt tilpassa skulehelseteneste	Ressursar til skulehelseteneste i Ulstein, jf. nasjonal norm	-	50 %
Vaksinasjonsdekning	Prosentdel vaksinasjonsdekning av born, jf. nasjonalt vaksinasjonsprogram	95 %	93 %	95 %
Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø	Sjukefråvær	2,93 %	2,62 %	-



## Sundgotmarka barnehage

LEIAR: NORA WINGSTERNES

Sundgotmarka barnehage ligg på Sundgot og har 65 born fordelt på tre avdelingar og to bygg. 15-19 av borna er under tre år. Barnalet endrar seg i januar pga. av at små søsken får plass. Barnehagen ligg i tilknyting til bustadfelt, med skog, fjell og fjøre lett tilgjengeleg. Barnehagen nyttar dei gode turmoglegheitene i nærområdet. Uteområdet har både naturtomt og opparbeidd leikeareal.

Det har vore 20 tilsette vårhavåret og 19 tilsette hausthalvåret.

Barnehagen skal i samarbeid med heimen ivareta borna sitt behov for omsorg og leik, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

### Aktivitet og resultat 2016

I 2016 avslutta barnehagen prosjektet Leiing og kvalitet. Det vart avslutta i juni med individuell framlegging. Denne satsinga er no vidareført internt i barnehagen og i leiarforum barnehage. Målsetjinga med prosjektet var myndiggjering av den enkelte medarbeidar med særleg vekt på ped.leiarane si rolle som ansvarlege for sitt team. Evalueringa viser at dette har vore eit nødvendig og nyttig tema å jobbe med. Teama jobbar meir sjølvstendig no, og krav og forventningar er tydelegare enn tidlegare. Foredreevalueringa viser gode tilbakemeldingar og

### Teneste og utviklingsmål

- ▶ Barnehagen skal gi borna ei trygg ramme for utvikling, vekst og modning.
- ▶ Godt arbeidsmiljø gjennom fokus på tydeleg og nær leiing og ansvarlege medarbeidarar med konstruktiv tilbakemeldingskultur.
- ▶ Barnehagen skal vere ein lærande organisasjon og arbeide systematisk med kvalitetsutvikling.

SATSINGSMRÅDE	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2015	RESULTAT 2016	MÅL 2016
ØKONOMI	Avvik mot budsjett	-0,2 mill. kr	-0,5 mill. kr	0
BRUKAR	Tal på foreldresamtalar pr. år	2	2	2
	Tal på evalueringar på nær- og ansvarsgrupper (enkeltbarn) pr. år	2	2	2
	Tal på dagar brukt til prosjekt med PPT, -leikekompetanse	4	0	4
	Tal på planleggingsdagar brukt til utviklingsarbeid pr. år	5	5	5
	Tal på ped.leiar møte i arbeidstida	11	8	11
	Tal på ped.leiar møte med nærværarbeid ift. sjukefråvær	11	6	11
ORG.	Tal på foreldremøte pr. år	1	1	2
	Tal på møte i foreldreutvalet pr. år	2	2	2
	Score frå medarbeidarundersøkinga: total medarbeidartilfredsheit	Ikkje målt	Ny undersøking, ikkje samanliknbart	5
	Score frå medarbeidarundersøkinga: stoltheit over eigen arbeidsplass	Ikkje målt	Ny undersøking, ikkje samanliknbart	5
	Sjukefråvær i %	13,79 %	8,53 %	5 %
	Barnehagen som lærande organisasjon	Barnehagen har indikatorar til sine fokusområde for å sikre fagleg kvalitet	5	5



## Haddal skule

LEIAR: KJELL RUNDE

ÅRSVERK		TILSETTE		
11,68		15		
NETTO RESULTAT		2014	2015	2016
Rekneskap		8,5	8,8	8,8
Budsjett		8,1	7,9	8,3
Avvik		-0,4	-0,9	-0,5
SJUKEFRÄVÄR I %		2014	2015	2016
Sjukefråvær		15,72	9,06	8,67

Haddal skule er den minste av fem barneskular i Ulstein. Elevane kjem frå Eiksund, Garnes og Haddal. Skulen er 4-delt og har 61 elevar i 1.- 7. årssteg. Elevane i 1. og 2. årssteg går saman, det gjer også 3. og 4. årssteg og 5. og 6. årssteg. 7. årssteg går åleine. Skulen har SFO-tilbod med 11 elevar skuleåret 2016/2017. Haddal skule gir undervisningstilbod i samsvar med Opplæringslova for elevar i barneskulen.

### Teneste og utviklingsmål

- ▶ Fokus på klasseleiing, og dermed auka læringsutbytte.
- ▶ Utvikle eit positivt skolemiljø.
- ▶ Vurdering for læring, utvikle vurderingskultur og vurderingspraksis som har auka læringsutbytte som mål.
- ▶ Teknologi som verktøy i undervisninga.



SATSINGSMÅL		MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2015	RESULTAT 2016	MÅL 2016
ØKONOMI		Avvik mot budsjett	-0,967 mill. kr	-0,5 mill. kr	0
BRUKAR	Skape gode resultat i basisfaga	Meistringsnivå i lesing 5. steg, nasjonale prøver	For lavt elevtal, sjå kommuneresultat	-	50 poeng eller betre
		Meistringsnivå i engelsk 5. steg, nasjonale prøver	For lavt elevtal, sjå kommuneresultat	-	50 poeng eller betre
		Meistringsnivå i rekning 5. steg, nasjonale prøver	For lavt elevtal, sjå kommuneresultat	-	50 poeng eller betre
		Vere gode på klasseleiing	Reaksjon frå dei vaksne i høve reglar, elevundersøkinga	3,9 av 5,0	4,1 av 5,0
ORG.	Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø	Arbeidsro i timane, elevundersøkinga	Arbeidsro i timane, elevundersøkinga	4,4 av 5,0	4,5 av 5,0
		Trivsel på skulen, elevundersøkinga	Trivsel på skulen, elevundersøkinga	4,2 av 5,0	4,6
		Mobbing, elevundersøkinga	Mobbing, elevundersøkinga	1,2 av 1,0	1,0 av 1,0
		Score frå medarbeitarundersøkinga: total medarbeidartilfredsheit	Score frå medarbeitarundersøkinga: total medarbeidartilfredsheit	Ikkje målt i 2015	Ny undersøking, ikkje samanliknbart
		Score frå medarbeitarundersøkinga: stoltheit over eigen arbeidsplass	Score frå medarbeitarundersøkinga: stoltheit over eigen arbeidsplass	Ikkje målt i 2015	Ny undersøking, ikkje samanliknbart
		Sjukefråvær i %	Sjukefråvær i %	9,06 %	8,67 %
				5 %	5 %



## Hasund skule

LEIAR: MARIANNE ULSTEIN JOHNSTON

ÅRSVERK		TILSETTE		
27,78		36		
NETTO RESULTAT		2014	2015	2016
Rekneskap		15,9	18,3	19,3
Budsjett		15,9	18,3	18,0
Avvik		0	0,1	-1,3
SJUKEFRÄVÄR I %		2014	2015	2016
Sjukefråvær		6,33	5,93	5,62

Hasund skule er ein av fem grunnskular i Ulstein kommune. Skulen ligg i Hasund krins. Skulen har 190 elevar på årssteg 1.-7. klasse. Desse er i skuleåret 2016/2017 organisert i 10 klasser. Skulen har SFO-tilbod med om lag 43 born. Skulen gir tilbod om grunnskuleundervisning i samsvar med Opplæringslova for elevar i alderen 6-12 år.

### Teneste og utviklingsmål

- ▶ Fokus på fagleg utvikling. Skulen legg vekt på den faglege utviklinga til elevane.
- ▶ Positivt skolemiljø. Det vert arbeidd målmedvite for å førebygge og forbetra elevmiljøet. Skulen har gode resultat på elevundersøkinga med omsyn til mobbing og trivsel.
- ▶ Godt arbeidsmiljø. Hasund skule arbeider systematisk med helse, miljø og sikkerheit og har plan for HMS med tilhøyrande årshjul for dette arbeidet.
- ▶ Vurdering for læring, - utvikle vurderingskultur og vurderingspraksis som har auka læringsutbytte som mål.
- ▶ Teknologi som verktøy i undervisninga, vidareutdanning for lærarar og leiing innan digital kompetanse og leiing av digital kompetanseheving.

### Aktivitet og resultat 2016

Skulen kjem ut med eit negativt økonomisk avvik grunna ein stor del elevar som har rett til spesialundervisning. Dette påverkar også driftsresultatet i skulefritidsordninga.

SATSINGSMÅL	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2015	RESULTAT 2016	MÅL 2016
ØKONOMI	Avvik mot budsjett	0,1 mill. kr	-1,3 mill. kr	0
BRUKAR	Skape gode resultat i basisfaga	Meistringsnivå i lesing 5. steg, nasjonale prøver	49 poeng	50 poeng
		Meistringsnivå i engelsk 5. steg, nasjonale prøver	50 poeng	50 poeng
		Meistringsnivå i rekning 5. steg, nasjonale prøver	51 poeng	48 poeng
		Vere gode på klasseleiing	Reaksjon frå dei vaksne i høve reglar, elevundersøkinga	3,9 av 5,0
ORG.	Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø	Arbeidsro i timane, elevundersøkinga	4,1 av 5,0	4,5 av 5,0
		Skape eit positivt skolemiljø	Trivsel på skulen, elevundersøkinga	4,5 av 5,0
		Mobbing, elevundersøkinga	1,2 av 1,0	1,2 av 1,0
		SFO	Score frå brukarundersøking på "trivsel til barnet" i SFO	Ikkje målt i 2015
			Score frå brukarundersøking på samarbeid mellom SFO og heimen	Ny måling 2017
			Score frå medarbeitarundersøkinga: total medarbeidartilfredsheit	Ikkje målt i 2015
			Score frå medarbeitarundersøkinga: stoltheit over eigen arbeidsplass	Ny undersøking, ikkje samanliknbart
			Sjukefråvær i %	5,93 %
				5,62 %
				5 %





# Ulstein ungdomsskule

LEIAR: LEON ROMESTRAND

Ulstein ungdomsskule ligg i sentrum av Ulsteinvik og har om lag 350 flotte elevar i alderen 13-16 år fordelt på 13 klasser. Skulen har også om lag 50 motiverte tilsette. Alle elevar får tilbod om gratis frukost ved skulestart og leksehjelp ved skuleslutt. Ulstein ungdomsskule har spesiell norskopplæring for asyl, flyktning og elevar med arbeidsinnvandringsbakgrunn.

## Aktivitet og resultat 2016

Ulstein ungdomsskule kjem med ut med eit positivt avvik grunna refusjonar og lavt sjukefråvær. Skulen jobbar systematisk med vurdering for læring, Teknologiskulen Ulstein og positivt skolemiljø. Elevundersøkinga gjennomført av alle elevane ved ungdomsskulen viser god trivsel ved Ulstein ungdomsskule.

## Teneste og utviklingsmål

- «Saman om meistring og mangfald» Ulstein ungdomsskule arbeider for at alle elevar skal mestre i eit skolemiljø der mangfald vert verdsett.
- Positivt skolemiljø. Skulen har plan for dette, og som inneholder mange tiltak som skulen forpliktar seg på å bruke i arbeidet med eit godt skolemiljø. Arbeidet med MOT er med å betre skolemiljøet.
- Faglege resultat. Ulstein ungdomsskule ynskjer å oppnå gode resultat ved å gi elevane framovermeldingar i fag, sosial kompetanse og i orden og åtferd. Målet er auka læringsutbytte for elevane. Skulen skal delta i Vurdering for læring skuleåret 2016/17.
- Teknologi som verktøy i undervisninga.

ÅRSVERK		TILSETTE		
41,73		49		
NETTO RESULTAT		2014	2015	2016
Rekneskap		39,6	40,3	39,9
Budsjett		40,1	41	40,6
Avvik		0,5	0,7	0,7
SJUKEFRÅVÆR I %		2014	2015	2016
Sjukefråvær		5,23	6,46	4,20



# PPT

LEIAR: INGRID EVEBØ HAUG

Pedagogisk psykologisk teneste (PPT) skal arbeide førebyggande, vere tidleg inne, syte for heilskap og samanheng samstundes som tenesta skal vere tydeleg, tilgjengeleg og kompetent. Skal vi nå desse måla, må PPT vere på organisasjonsnivå og delta i felles overordna satsingar. Vi må saman utarbeide felles forpliktande strategiar slik at tenesta kan nå intensjonane om å redusere arbeid med enkeltindivid og såleis bistå skule og barnehage med kompetanseheving og organisasjonsutvikling på systemnivå.

## Aktivitet og resultat 2016

## Aktivitet og resultat 2016

Dette året har PPT arbeidd med kompetanseheving og organisasjonsutvikling i seks ulike barnehagar. Hovudfokus har vore å utvikle gode læringsmiljø ved å kome tidleg inn og arbeide førebyggande. Tema har mellom anna vore å utvikle autoritative vaksne,

møte born som subjekt og utvikle leikekompetanse for eitt- og toåringane. PPT for Ulstein og Hareid har halde fram med kompetanseheving på førebyggning, avdekking og korleis stoppe mobbing. Til no har vi bistått skulane og jobba mykje med mobbing i enkelsaker. Planen er å kome i gang med kompetanseheving for skulane hausten 2017. PPT samarbeider også med helse og skule i VIP-prosjektet

på vidaregående skule som handlar om psykisk helse. Talet på tilviste individssaker frå einingane er om lag som i fjor, medan systemsakene auka og vi nådde målet vårt på 60 saker. PPT opplever at individssakene har blitt meir komplekse, tidkrevende og med høg grad av kunnskapsbaserte tiltak. PPT ser også auke i saker der vi må skrive heilt eller delvis fritak frå opplæringsplikta.

## Teneste og utviklingsmål

## Teneste og utviklingsmål

PPT prioritær arbeid med kompetanseheving og organisasjonsutvikling i nært samarbeid med overordna nivå, skulane og barnehagane. Redusjon i individuarbeid kan vi mellom anna oppnå ved at PPT deltek aktivt i overordna satsingsområde på organisasjonsnivå. Målet er å nå intensjonane i NOU 2015:2 "Å høre til", NOU 2015:5 "Framtidas skule" og St. meld. 18 "Læring og fellesskap". St. meld. 19 "Tid for leik og læring".

- Vere tilgjengeleg i barnehage og skule, og bidra til heilskap og samanheng i pedagogisk arbeid.
- Arbeide førebyggande og bidra til tidleg innsats med fokus på systemarbeid.
- Ha god fagleg kompetanse på organisasjonsutvikling, endringsleiding og spesifikke utfordringar.
- Delta aktivt i kommunen sine satsingsområde, som til dømes utviklingsprosjekta «Vurdering for læring» og «Teknologiskulen».

SATSINGSMÅL	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2015	RESULTAT 2016	MÅL 2016
ØKONOMI	Avvik mot budsjett	0,73 mill. kr	0,7 mill. kr	0
BRUKAR	Skape gode resultat i basisfaga	Meistringsnivå i lesing 8. steg, nasjonale prøver Meistringsnivå i lesing 9. steg, nasjonale prøver Meistringsnivå i engelsk 8. steg, nasjonale prøver Meistringsnivå i rekning 8. steg, nasjonale prøver Meistringsnivå i rekning 9. steg, nasjonale prøver Resultat grunnskulepoeng (10-60, 60 er best)	UUS 49 poeng UUS 52 poeng UUS 52 poeng UUS 51 poeng UUS 54 poeng UUS 38,9	49 53 52 53 54 41,1
	Vere gode på klasseleiing	Reaksjon frå dei vaksne i høve reglar, elevundersøkinga Arbeidsro i timane, elevundersøkinga	3,9 av 5,0 3,8 av 5,0	3,7 3,7
	Skape eit positivt skolemiljø	Trivsel på skulen, elevundersøkinga Mobbing, elevundersøkinga	4,3 av 5,0 1,0 av 1,0	4,4 1,2
	Godt samarbeid med lokale bedrifter	Tal på gjennomførte arrangement som styrker samarbeid mellom elev og lokale bedrifter	5	5
	ORG.	Score frå medarbeidarundersøkinga: total medarbeidartilfredsheit	Ikkje målt	Ny undersøking, ikkje samanliknbart 5,0
		Score frå medarbeidarundersøkinga: stoltheit over eigen arbeidsplass	Ikkje målt	Ny undersøking, ikkje samanliknbart 5,0
		Sjukefråvær i %	6,46 %	4,20 % 5 %

SATSINGSMÅL	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2015	RESULTAT 2016	MÅL 2016
BRUKAR	ØKONOMI	Avvik mot budsjett	0,3 mill. kr	-0,3 mill. kr. 0
	Effektiv og god sakhandsaming	Tal på klientsaker	485	479 450
		Tal på systemsaker	49	60 60
		Tal på månader med ventetid	5 - 6 månader	7 månader 3 månader
		Tal på einingar som deltek i prosjekt/systemarbeid – trygt psykososialt læringsmiljø /leik og sosial kompetanse	4	6 7
		Tal på overordna tverretatlege satsingar for PPT	0	1 2
		Tal på overordna satsingar der PPT, skule/barnehage deltek	2	4 2
		Tal på felles utviklingsarbeid i eigen organisasjon	2	2 1
		Sjukefråvær i %	10,28 %	5,84 % 5 %
		Tal på skular med fast samarbeidstid	10	10 10
		Tal på barnehagar med fast samarbeidstid	2	10 6



## Ulstein kompetansesenter

LEIAR: BJØRNAR URKE

Ulstein kompetansesenter skal vere ein synleg og aktiv leverandør av tenester på områda: Norsk og samfunnsfag for innvandrarar, Grunnskule for vaksne/spesialpedagogikk, Kommunelogoped, Snoezelen/Kontrollert Multisensorisk Miljø, Opplæring i grunnleggande ferdigheter, Grunnskuleopplæring av einslege mindreårige asylsøkarar (16-18 år).

### Aktivitet og resultat 2016

I 2016 vart KS-prosjektet Effektiviseringsnettverket i introduksjonsordninga avslutta. 32 kommunar var med i dette nettverket. Ulstein kommune deltok med oppvekstsjef og repr. frå flyktingkontoret og kompetansesenteret. Flyktingkontoret leverte

rapport/tenesteanalyse i mars 2017. Det er verdt å nemne at Ulstein kompetansesenter fekk beste resultat av dei 32 kommunane i brukarundersøkinga, for det som gjeld tilfredsheit med norskopplæringa. Kompetansesenteret kom med i prosjektet Vurdering for Læring i 2016, og er svært nögde med å få ei slik retning på skuleutviklingsarbeidet. I 2016 hadde

kompetansesenteret grunnskuleopplæring for einslege mindreårige asylsøkarar. Sluttdato 24.03.2017.

På grunn av for liten kapasitet (50 % stilling) i logopedtenesta har ein del saker vorte avviste, og ventetida for tiltak har blitt meir enn to veker.

### Teneste og utviklingsmål

Ulstein kompetansesenter er eit vaksenopplæringscenter som utviklar tenestene sine til beste for brukarane gjennom:

- ▶ Å arbeide målretta for at elevar og brukarar skal ha høgt læringsutbytte, inkludert gode eksamsresultat.
- ▶ Systematisk skuleutvikling gjennom intern kompetanseutvikling, kompetanseutvikling i fylkesnettverket for vaksenopplæring, og deltaking i prosjektet Vurdering For Læring.
- ▶ Fokus på arbeidsmiljø, med tett oppfølging av alle medarbeidarar, og nært samarbeid med arbeidsplassstillsvald og verneombod.
- ▶ Å vere ein tydeleg aktør i arbeidet med integrering og inkludering av innvandrarar gjennom kvalifisering i norsk og samfunnsfag, og samarbeid med NAV og flyktingtenesta om introduksjonsordninga.

SATSINGSMÅL	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2015	RESULTAT 2016	MÅL 2016
ØKONOMI	Avvik mot budsjett	0,7 mill. kr	-0,1 mill. kr	0
BRUKAR	Skape god integrering gjennom kvalifisering	Tal på betalingselevar Tal på Kompetanse + kurs Kjernetid norskopplæring i samsvar med intensjonane i introduksjonslova Tal på kandidatar som får resultat A2 eller betre på munnleg norskprøve Tal på deltakarar som består samfunnsfag-prøve på morsmålet eller norsk	124 1 Norsk år 1: 16-20 t/v Norsk år 2: 9-13 t/v (Nytt krav om A2) (Revidert krav)	80 0 År 1+2: 12-16t/veke 32 av 34 Morsmål: 17/18 Norsk: 3/4
	Dør opnar for vidareutvikling	Logoped, ventetid i prioriterte saker Snoezelen, tal på betalande elevar Grunnskule vaksne, spesialpedagogikk, reduksjon av enkelttimar, opprettiging av grupper, tal på grupper	2 veker 12 4	2>veker 12 4
	ORG.	Score frå medarbeidarundersøkinga: total medarbeidartilfredsheit	Ikkje målt	Ny undersøking, ikkje samanliknbart
		Score frå medarbeidarundersøkinga: stoltheit over eigen arbeidsplass	Ikkje målt	Ny undersøking, ikkje samanliknbart
		Sjukefråvær i %	8,91 %	4,15 %
				<4 %



## Flykting og innvandrarar

LEIAR: LARS ERLING BJÅSTAD HOVLID

Ulstein kommune buset flyktingar etter førespurnad frå Integrerings- og mangfalldirektoratet (IMDI). Det er kommunestyret som vedtek om kommunen skal ta imot flyktingar, og kor mange personar vi skal busetje kvart år. For 2016 var det vedteke å busetje 32 flyktingar eksklusiv familiesameinte og for 2017 er vedtaket på 23 flyktingar. Flyktingtenesta har ansvar for busetting av flyktingar, oppfølging i etableringsfasen og for introduksjonsprogrammet. Ulstein flyktingtenesta er samlokalisert med Ulstein kompetansesenter.

### Aktivitet og resultat 2016

Dette året vart det busett i alt 47 flyktingar; 32 etter avtale med IMDI og 15 familiesameinte. Introduksjonsprogrammet hadde over 50 deltakarar ved slutten av året. Målet er at 70 % skal gå vidare i arbeid eller utdanning etter introduksjonsprogrammet. For 2016 var dette talet 21,4 %, noko vi ikkje er fornøgde med.

I 2016 vart avdeling for inkludering og mangfold i Ulstein etablert, og flyktingtenesta vart ein del av denne avdelinga.

Flyktingtenesta hadde i 2016 eit overskot på om lag 3,5 mill. kroner, dette som følgje av vakansie i stillingar og meir tilskot enn budsjettet. Ein stor del av meirinntekta er knytt til enkelpersonar som kom seinst på året. Tilskotsmodellen for tenesta er knytt til enkelpersonar, der vi får fullt tilskot det året dei vert busett uavhengig av kva tid på året dei kjem. Dette kan gi stort overskot enkelte år. Kommunen sine plikter knytt til personane kan gå over fleire år enn vi får tilskot, noko som kan gi meirforbruk i framtida. Inntektsmodellen kombinert med at ein ikkje tek med seg overskot inn i nye budsjettår, gjer det vanskeleg å etablere langsiktige tiltak.

Flyktingtenesta deltok i 2016 i KS sitt effektiviseringsnettverk for introduksjonsordninga. Dette munna ut i ei tenesteanalyse av introduksjonsprogrammet. Analysen viser statusrapport for tenesta og kan vere retningsgjevande for vidare prioriteringar. Analysen viser at flyktingtenesta vert driven rimelegare enn snittet og at deltakarane er meir nögde enn snittet. Samstundes ser vi at resultata i høve overgang til arbeid dei siste åra ligg under både målsetting og gjennomsnittet.

### Teneste og utviklingsmål

- ▶ Arbeide aktivt med busetting/integrering
- ▶ 70 % av alle flyktingar ut i jobb eller utdanning etter fullført introduksjonsprogram.
- ▶ Fleire busette flyktingar skal bli varig økonomisk sjølvhjelpe.
- ▶ Heve kompetanseniåret og styrke samhandlinga kring flyktingarbeidet i Ulstein kommune i alle etatar.
- ▶ Styrke tilbodet om praksis som ein del av introduksjonsprogrammet og styrke tilbodet til dei som har skulerettal løp.
- ▶ Etablere og vidareutvikle samarbeid med aktørar i arbeidslivet og frivillig sektor.
- ▶ Utvikle nye arena for inkludering og integrering.
- ▶ Kompetanseheving og spesialisering av tilsette i flyktingtenesta.

SATSINGSMÅL	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2015	RESULTAT 2016	MÅL 2016
ØKONOMI	Avvik mot budsjett	1,9 mill. kr	3,5 mill. kr	0 kr
BRUKAR	Busetting	Tal på busette flyktingar	32	32 + 15 familiesameinte
	Arbeidsretting/Skuleretting	Tal på oppfølgingar av språkpraksis/arbeidspraksis pr. år	4	8
		Tal på veker med norskopplæring pr. år	38	45
		Tal på veker med yrkesretta undervisning pr. år	38	45
		Tal på undervisningsveker i grunnskulefag pr. år	38	38
ORG.	Integrering	Prosentdel deltakarar som kjem i jobb/ skule etter endt introduksjonsprogram	67,9 %	21,4 %
	Kompetanseheving	Alle tilsette ved Flyktingavdelinga skal ha høve til å delta på kompetansehevande tiltak	3 kurs	Alle har fått tilbod om eitt eller fleire kurs







# Anlegg og drift

LEIAR: ODD KÅRE WIIK

ÅRSVERK	TILSETTE		
	2014	2015	2016
NETTO RESULTAT	0,7	1,2	1,3
Budsjett	0,7	0,8	1,1
Avvik	0	-0,4	-0,2
SJUKEFRÅVÆR I %	2014	2015	2016
Sjukefråvær	3,08	1,46	2,71

Under anlegg og drift ligg grøntanlegg og uteseksjonen. Grøntanlegg har gartner, fagarbeidar og sommarhjelper (skuleelevar) og eventuelt flyktningar som tek seg av drift og vedlikehald av kommunale plenar, bed, parkanlegg, tre m.m. Uteseksjonen utfører tenester innan vatn, avløp, veg, hamn, grøntanlegg og utbyggingsområde

## Aktivitet og resultat 2016

Ein del arbeid med trefall i sentrum tilseir at vi må vere endå meir kritisk til val av tre/planter (storleik osv.). Det er viktig at gartnaren vår er med i tidleg planlegging av alle nye kommunale grøntanlegg. God aktivitet på grøntanlegg og særleg flinke sommarvikarar i år. Resultat tilfredstilande, men tidleg slått før 17. mai er ei utfordring grunna manglande ekstrahjelp så tidleg.

SATSINGSMÅL	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2015	RESULTAT 2016	MÅL 2016
ØKONOMI	Avvik mot budsjett	-0,4 mill. kr	-0,2 mill. kr.	0 kr
BRUKAR	Vi skal skape trives i kommunale grøntområde	Talet på plenslått av kommunale plenar pr. vike	1	1
		Tal på gjennomført vedlikehald av ti grøntområde utanfor sentrum	20	20
ORG.	Integrering i lokalsamfunnet	Fungerande samarbeid med flyktningmottak for tilrettelagt arbeidstrening	Nei	ja
		Tal på tilsette som har gjennomført medarbeidarsamtale	8 av 8	8 av 8
Saman skapar vi eit godt arbeidsmiljø		Svarprosent medarbeidarundersøking blant eigne tilsette	-	100 %
		Score på medarbeidartilfredsheit	-	5,5
		Score på stoltheit over eigen arbeidsplass	-	5,5
		Sjukefråvær	1,46 %	2,71 %
			< 2 %	

## Teneste og utviklingsmål

- Ha god standard på grøntanlegg i sentrum.
- Utvike spesialkompetanse ytterlegare for å spisse hovudansvarsområde for medarbeidarar på uteseksjonen.
- Effektivt og moderne materiell og utstyr.



# Vatn og avløp

## Aktivitet og resultat 2016

### Vassforsyning

- Hovudvassleidningar frå Mosvatn til Årdalen
- Hovudvassleidning i gangveg Hofsetmarka.
- Reduksjonsbasseng Lisjevatn og Årdalen - overbygg med nye ventilar.

På trasé for vassleidning er det lagt veggrus for lettare tilkomst til fjellet med ATV for vedlikehald av vassforsyningssanlegg (innaksum / reduksjonskummar m.m.). Denne tilkomsten har vorte ein flott tursti i terrenget og er mykje nyttig.

### Avløp

- Utbyggingsar i sentrumsområde med sanering av avløp
- Arbeid med hovudplan

## Teneste og utviklingsmål

- God og trygg vassforsyning til alle abonnentane (heile kommunen).
- Utbyggingsar i samsvar med hovudplan for vassforsyning og for avløp.
- Sjå til at utbygde avløpsanlegg fungerer og vert drifta i samsvar med alle relevante krav i forhold til standard og miljø.
- Dersom det er tenleg skal vi vurdere å etablere turveg på trasé for nye vassleidningar i utmark.

NETTO RESULTAT	2014	2015	2016
Rekneskap	0	0	0,7
Budsjett	1,1	0,2	0,7
Avvik	1,1	0,2	0

SATSINGSMÅL	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2015	RESULTAT 2016	MÅL 2016
ØKONOMI	Avvik mot budsjett	-0,4 mill. kr	0	0
BRUKAR	Vi skal skape trives i kommunale grøntområde	Talet på plenslått av kommunale plenar pr. vike	1	1
	Integrering i lokalsamfunnet	Tal på gjennomført vedlikehald av ti grøntområde utanfor sentrum	20	20
ORG.	Saman skapar vi eit godt arbeidsmiljø	Fungerande samarbeid med flyktningmottak for tilrettelagt arbeidstrening	Nei	Ja
		Tal på tilsette som har gjennomført medarbeidarsamtale	8 av 8	7 av 8
Saman skapar vi eit godt arbeidsmiljø		Svarprosent medarbeidarundersøking blant eigne tilsette	-	100 %
		Score på medarbeidartilfredsheit	-	5,5
		Score på stoltheit over eigen arbeidsplass	-	5,5
		Sjukefråvær	1,46 %	2,71 %
			< 2 %	

# Veg og hamn

## Aktivitet og resultat 2016

I tillegg til det tradisjonelle vegvedlikehaldet gjorde vi dette året følgjande vegtiltak:

- Veglys indre Haddal og busslommer på begge sider i krysset Haddalvegen/Eiksundvegen.
- Veglys i Vikebakkevegen (ny del).
- Veglys i sentrum parkering ved Klevenbygga
- Asfaltering av fremste Holsekerdalen og del av Øvrevegen (ekstra midlar).

NETTO RESULTAT	2014	2015	2016
Rekneskap	12,2	14,7	14,2
Budsjett	12,3	13,8	13,6
Avvik	0,1	-0,8	-0,6

SATSINGSMÅL	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2015	RESULTAT 2016	MÅL 2016
ØKONOMI	Avvik mot budsjett	-0,8 mill. kr.	-0,6 mill. kr	0
BRUKAR	Sikre god framkomst på kommunale vegar ved snøfall	Tal på innmelde avvik angående kommunale vegar som i løpet av natta har blitt dekt med meir enn 10 cm tørr snø og ikkje er brøyta innan kl. 7 på alle kvar dagar	0	0
	Halde brukarane orientert	Tal på publiserte innlegg/informasjon på nettsidene til kommunen pr. år	8	11
ORG.	Vedlikehald	Kantslått: ein gong kvart år slå vegetasjon langs kommunale vegar samt halde siktsoner fri for skjermande vegetasjon	4	4,5
	Oppmerking	Alle fartsdemparar skal til ei kvar tid vere forsvarleg merka med sjakkmonster	-	4
				Alle merka

## Teneste og utviklingsmål

- Drifte vegar, kaier og hamner på ein trygg og tilfredstilande måte. Vegar skal vere opne og godt framkomelege for allmenn ferdsel heile året. Vegstandard skal vere av ein slik kvalitet et det sikrar trafikktryggleiken for alle trafikantar.
- Bygge ut gang- og sykkelvegar og andre tiltak i samsvar med gjeldande trafikktryggingsplan. Ruste opp kommunekaiar i sentrum (større investering).
- Gjere punktbetrinngar av vegnettet med fokus på trafikktrygging.



# Interkommunalt barnevern

LEIAR: BRYNHILD SOLVANG

ÅRSVERK	TILSETTE		
60			
SJUKEFRÅVÆR I %	2014	2015	2016
Sjukefråvær	9,84	7,39	

Fullstendig årsmelding for barnevernet vert lagt fram for folkevalde organ som eiga sak.

Barneverntenesta sine hovudmål er gitt i Lov om Barnevertenester:

Vi skal sikre at born og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid, og vi skal bidra til at born og unge får gode oppvekstvilkår.

I 2014 gjekk Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta saman om etablering av ei interkommunal barneverneneste, med Volda kommune som vertskommune.

## Aktivitet og resultat 2016

Sjølv om alle samarbeidskommunane gjennom fleire år har nytta det same fagprogrammet, Familia, viste det seg i samanslåingsprosessen at bruken av dette programmet har vore ulikt praktisert. Også i 2016 har vi brukt mykje tid på å etablere ein felles praksis og bruk av dette programmet.

For å sikre eit tilgjengeleg barnevern, har tenesta sitt eige fasttelefonnummer i kontortida. Vi kan også nåast via Volda kommune sitt telefonnummer. I starten ønska vi å vere tilgjengelege slik at dei tilsette sine mobilnummer låg på kommunane sine heimesider. Denne lista har vi dessverre måtte ta bort på grunn av sjikane mot dei tilsette og henvendelsar frå ulike grupper og enkelpersonar som er motstandarar av barnevernet, i inn- og utland.

Samarbeidet med «Forandringsfabrikken» og «barnevernspoffane» er videreført, og deltakinga i «Mitt-Liv-prosjektet» har medført utprøving av nye arbeidsmåtar. Som mange andre barnevertenester i Noreg, har vi forplikta oss til å følgje deira anbefalingar for forsvarleg barnevernspraksis. Mitt Liv sitt barnsyn og deira verdiar, openheit, kjærleik, audijsjukheit og medverknad, er styrande for arbeidet vårt. Dette er nyttige direktiv for å trygge at born og familiene deira møter eit barnevern der barnet er i fokus, og der barnet si stemme vert hørt og teke omsyn til. Mitt-Liv-prosjektet har også ført til at vi har teke i bruk råda om «Klokhet mot vold» og «Trygg foreldreinfo». Vi prøver ut system for tilbakemeldingar frå born og unge i tenesta, og deltek på regionale og nasjonale inspirasjonssamlingar.

Vi har faste samarbeidsmøte med alle instansar som arbeider med born og unge i samarbeidskommunane, samt med politiet. Vi har også hatt lege-, politi og sosialarbeitarstudentar i praksis. Alle barnehagane og skulane, samt andre instansar, har sin eigen kontaktperson i barnevernenesta.

### Nye meldingar – utvikling

	2013	2014	2015	2016*
Hareid	53	61	72	63 (5,2 %)
Ulstein	38	55	44	66 (3,1 %)
Volda	81	90	61	64 (3,3 %)
Ørsta	116	75	78	102 (4,3 %)
<b>Samla</b>	<b>288</b>	<b>281</b>	<b>255</b>	<b>295</b>

\* parantesen tilsvrar % av alle born under 17 år.

Som tala syner har talet på meldingar auka, med unntak av første driftsåret for det interkommunale samarbeidet. I 2016 mottok vi 40 fleire meldingar enn året før. Så å seie alle var av ein slik karakter at dei førte til undersøking. Denne auken har også ein mogleg samanheng med, at etter at barnevernenesta vart omorganisert, er samarbeidspartane etter kvart tryggare på samarbeidet med barnevernenesta.

### Tal på born som tok i mot hjelpetiltak i heimen ved utgangen av året:

	2014	2015	2016
Hareid	32	26	38
Ulstein	41	34	51
Volda	57	57	56
Ørsta	47	52	74
<b>Samla</b>	<b>177</b>	<b>169</b>	<b>219</b>

### Kostra 244 - fellesutgifter etter fordelingsnøkkelen mellom kommunane:

	REKNESKAP 2015	REKNESKAP 2016	BUDSJETTERT 2016
Hareid	3 280 721	3 141 817	3 075 286
Ulstein	5 483 441	5 301 392	5 560 420
Volda	4 768 847	4 861 814	5 335 729
Ørsta	5 687 420	6 027 072	6 470 011
<b>Samla</b>	<b>19 420 816</b>	<b>19 332 095</b>	<b>20 441 445</b>

### Teneste og utviklingsmål

- Vere lett tilgjengelege – for alle som har med born og unge å gjøre og for ålmenta.
- Bidra til tidleg innsats i samarbeid med andre tenester for born og unge.
- Arbeide førebyggande.
- Gi likt tilbod om barnevernenester til alle born i Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta.
- Vere ei fagleg oppdatert og kompetent teneste – som har barnet i fokus.
- Prioritere trivsel og eit godt arbeidsmiljø blant dei tilsette.
- Utvikle ein lærande organisasjon.



# På heimebane



## *Ulsteinvik, i sentrum av regionen:*

Raskaste reisetid til nokre viktige treffpunkt:

- Ålesund lufthavn - 40 min
- Ørsta-Volda lufthamn - 28 min
- Høgskulen i Volda - 29 min
- Volda sjukehus - 30 min
- Høgskulen i Ålesund - 45 min
- Ålesund sjukehus - 50 min
- Høgskulen i Molde - 2 t 50 min
- Fuglefjellet Runde - 36 min
- Ishavsmuseet på Brandal - 17 min
- Ørsta skisenter - 43 min
- Ivar Aasen-tunet - 24 min
- Oslo - 2 t
- Geiranger - 3 t 4 min
- Jugendbyen Ålesund - 37 min





ULSTEIN KOMMUNE

6065 Ulsteinvik, Norway  
Tel.: +47 70 01 75 00  
[www.ulstein.kommune.no](http://www.ulstein.kommune.no)

Du finn oss på Facebook